



Høgskolen i Telemark

Årsrapport (2014 - 2015) Høgskolen i Telemark

Vedtatt av styret 12.03.15

Innholdsliste

Del I: Styrets melding	4
Del II: Introduksjon til verksemda og hovudtal	9
Del III: Årets aktivitetar og resultat	12
3.1 Resultatrapportering	12
3.1.1 <i>Sektormål 1: Utdanning</i>	13
3.1.2 <i>Sektormål 2: Forsking og utvikling</i>	18
3.1.3 <i>Sektormål 3: Samfunnskontakt</i>	22
3.1.4 <i>Sektormål 4: Forvaltning</i>	24
3.2 Nasjonale styringsparametrar for universitet og høgskolar.....	29
3.2.1 <i>Sektormål 1: Universitet og høgskolar skal gje utdanning av høg internasjonal kvalitet i samsvar med samfunnets behov</i>	29
3.2.2 <i>Sektormål 2: Universitet og høgskolar skal i tråd med sin eigenart utføre forskning, kunstnarleg og fagleg utviklingsarbeid av høg internasjonal kvalitet</i>	30
3.2.3 <i>Sektormål 3: Universitet og høgskolar skal vere tydelege samfunnsaktørar og bidra til formidling, internasjonal og regional utvikling, innovasjon og verdiskaping</i>	32
3.2.4 <i>Sektormål 4: Universitet og høgskolar skal ha ei effektiv forvaltning av verksemda, kompetansen og ressursane i samsvar med si samfunnsrolle</i>	36
3.3 Samfunns- og effektmål for byggjeprojekt.....	38
3.4 Samarbeid, arbeidsdeling og konsentrasjon (SAK)	38
3.5 Midlar tildelte over kap. 281	39
Del IV: Styring og kontroll i verksemda.....	40
4.1 Overordna vurdering	40
4.2 Likestilling, diskriminering og tilgjengelegheit.....	40
4.3 Auke i tal på lærlingar	44
4.4 Samfunnssikkerheit og beredskap.....	44
4.5 Fellesføring 2014: Redusere og fjerne tidstjuvar i forvaltinga	44
Del V: Vurdering av framtidsutsikter.....	47
5.1 Planar.....	47
5.1.1 <i>Planar for verksemda 2015</i>	47
5.1.2 <i>Planar for tildelt løyving 2015 – styrets vedtekne budsjett</i>	53
5.2 Utdanningskapasitet	57
5.3 Større investeringsprosjekt.....	59
Del VI: Årsrekneskap 2014.....	60
6.1 Leiingskommentarar til årsrekneskapen 2014.....	61
Formål	61
Styrets strategiar.....	61

Stadfesting	61
Drifta av verksemda i perioden	61
Vesentlege forhold	61
Andre opplysningar	63
6.2 Prinsippnote SRS.....	64
Generelle rekneskapsprinsipp	64
Nytta rekneskapsprinsipp	64
6.3 Resultatrekneskap.....	66
6.4 Balanse	67
6.5 Kontantstraumoppstilling	69
6.6 Løyvingsoppstilling.....	71
6.7 Notar.....	72

Del I: Styrets melding

Styrets overordna vurdering av dei samla resultata, ressursbruk og måloppnåing for 2014

Styret ved Høgskolen i Telemark (HiT) er godt nøgd med samla måloppnåing og gjennomføringa av statsoppdraget i 2014. Høgskolen har i 2014 følgd opp styrets strategiske prioriteringar, og resultata for året er på mange område betre enn forventa i eit år der høgskolen har vore i krevjande fusjonsprosessar både med Universitetet i Agder (UiA) fram til sommaren 2014 og Høgskolen i Buskerud og Vestfold (HBV) frå sommaren 2014.

Hovudstrategien i åra fram mot 2015 har vore å vidareutvikle universitetsfunksjonane gjennom:

1. prioritering og styrking av forskingsklynger og forskarutdanningane
2. aktiv leiirutvikling på alle nivå og tydeleg fagleg leiing
3. det treårige samarbeidet med UiA (fram til sommaren 2014)
4. å styrka samhandling med nærings- og samfunnsliv i regionen

Det treårige samarbeidet med UiA blei som kjent avslutta i juni 2014 når det galdt mogleg fusjon. Høgskolen har hatt ei svært god utvikling både når det gjeld å utvikle universitetsfunksjonane vidare og i utvikling innan andre område både i 2014 og i føregåande år. Dei strategiske satsingane har også fått budsjettmessig prioritet noko som har medverka til eit sterkare forskingsfagleg fokus internt i høgskolen. Dette har m.a. ført til at høgskolen er godt i gang med å etablere forskingsgrupper/-klynger, og vidareføring av dette arbeidet vil bli prioritert òg i 2015. Samstundes har høgskolen klart å vidareutvikle tre gode ph.d.-program med nok stipendiatar, samt auke talet på publikasjonspoeng frå 39,9 i 2008 til 235 i 2015.

Også med tanke på studentrekruttering er det mykje å glede seg over. HiT har ein auke i talet på førstevalsøklarar i Samordna opptak, i talet på studentar, og i talet på produserte studiepoeng. Dette er svært gledeleg i eit år der barnehagelærerutdanninga i Drammen er overført til HBV. HiT er framleis oppteken av å betre gjennomstrøyminga. Det blir arbeidd med ulike tiltak ved fakulteta for å redusere fråfallet. HiT har som strategi å vere blant dei beste i Noreg når det gjeld bruk av teknologi innanfor kjerneområda, med spesiell vekt på undervisning. HiT har i meir enn 10 år tilbode fleksible, nettstøtta studium. I 2013 starta HiT prosjektet e@HiT, eit 3-årig prosjekt der ein både ønskjer å utvikle den tekniske infrastrukturen og auke kunnskapen om, og bruken av, nye undervisningsmetodar og teknologi i heile organisasjonen. HiT gjer opptak av stadig fleire førelesingar, og har i 2014 m.a. sett opp ein eigen mediaserver, Radix, for lagring og tilgjengeliggjering av dette materialet. Denne satsinga gjev gode resultatet, m.a. er talet på studentar i nett- og samlingsbasert undervisning sterkt aukande, samstundes som det òg er ei lita auke i talet på campusstudentar.

I tråd med styret sitt ønske har leiinga ved høgskolen lagt stor vekt på fagleg leiing, noko som har gjeve gode resultat i 2014. Som nevnt over, har talet på stipendiatar på eigne doktorgradsprogram hatt ei positiv utvikling, og talet på publikasjonspoeng har hatt ei kraftig auke i 2014. Året har òg vært prega av eit omfattande arbeid med å etablere forskingsgrupper i høgskolen. Ved utgangen av 2014 er 16 slike godkjent og fleire er i prosess.

Arbeidet med internasjonalisering ved høgskolen har òg hatt ei positiv utvikling, m.a. er det utarbeidd ei internasjonaliseringsmelding som gjev grunnlag for prioritering og ytterlegare satsing. Det er òg gledeleg at talet på utreisande utvekslingsstudentar har auka i 2014.

Høgskolen legg vekt på kvalitet og forskingsinnsats i MNT-fag og profesjonsfag. Høgskolen har m.a. dei siste åra øyremerkt mellom 7 og 8 mill. kroner kvart år til drift og utvikling av teknologidoktorgraden, i tillegg til at mange av stipendiatstillingane er øyremerkte til teknologifaga. HiT har også gjort betydelege investeringar i forskingsfasilitetar ved ingeniørutdanningane. I sum har forskingsinnsatsen på Fakultet for teknologiske fag ført med seg stabil og høg publisering. HiT har også eit sterkt tverrfagleg naturvitskapleg miljø ved Fakultet for allmennvitskaplege fag (AF). Dette miljøet er samla på Institutt for natur-, helse- og miljøvern (INHM). Her har HiT også bygd opp ein doktorgrad i økologi, der institusjonen har gått inn med ca. 3 millionar per år sidan starten i 2012. I tillegg har HiT gjeve økologimiljøet eit betydeleg tal stipendiatar, og det er investert i naudsynte forskingsfasilitetar i 2014.

HiT har framleis ei viktig utfordring når det gjeld å auke dei eksterne inntektene, men høgskolen har hatt ei positiv utvikling i 2014 med auke både i samla eksterne inntekter og i talet på søknader om eksterne midlar. I 2015 vil det vere viktig å auke både kvaliteten og talet på søknader om eksterne midlar. Samstundes vedtok styret ein ny EU-strategi i februar 2015. Ei anna utfordring er å auke prosentdelen tilsette med førstestillingskompetanse. HiT har hatt ein auke på om lag 2 % i 2014, frå 43 til 45 %. Styret meiner dette er ei positiv utvikling.

Styret konstaterer at HiT har lukkast med å auke produksjonen i 2014 trass i eit stramt internt budsjett. Resultata i 2014 er oppnådde med eit mindreforbruk på 19,4 mill. kroner. Dette viser at høgskolen har hatt effektiv ressursforvaltning. Styret er tilfreds med det handlingsrommet mindreforbruket opnar for strategiske prioriteringar i komande budsjettperiodar. Styrets vurdering er at opplegget for styring og intern kontroll fungerer godt.

Styret konstaterer med glede at leiarar og medarbeidarar ved HiT på ein god måte har medverka til at oppnådde resultat i 2014 er svært tilfredsstillande.

Sentrale interne og eksterne forhold som har hatt betydeleg innverknad på oppnådde resultat

Det har ikkje vore ekstraordinære interne og/eller eksterne tilhøve som har hatt betydeleg innverknad på høgskolens gode resultat i 2014. Overføringa av barnehagelærarutdanninga i Drammen til HBV og fusjonsprosessane både med UiA og HBV kunne hatt innverknad på resultatoppnåinga i 2014, men desse prosessane har blitt handterte på ein svært god måte og synest ikkje å ha verka negativt, snarare tvert om. Fusjonsprosessane har bidrege til å auke det strategiske medvitet i høgskolen.

Viktigaste prioriteringar for 2015

I. Fusjonsprosessen

Fusjonsprosessen med HBV har tvillaust høgast prioritet for 2015. Prosessen med HBV er god og er godt forankra, og alt ligg til rette for ein mogleg fusjon. Avklaringar knytte til universitetsstatus er p.t. den største usikkerheita i prosessen.

Etter eit evt. fusjonsvedtak vil sjølve gjennomføringsprosessen, med alle dei avgjerdene og avklaringane som er knytte til dette, sjølvsagt vere svært utfordrande og tidkrevjande.

II. Gjennomføring av den løpande faglege og administrative drifta

I ein krevjande fusjonsprosess blir også det å gjennomføre ei fagleg og administrativ løpande normaldrift svært viktig. Ein krevjande fusjonsprosess vil kunne skape usikkerheit både for tilsette og studentar, og høgskolen må derfor evne å fokusere både på fusjonsprosess og god gjennomføring av normaldrifta samstundes. I 2014 hadde HiT igjen ein god auke i tal på studiepoeng. Talet på studentar er venta å liggje om lag på same nivå i 2015 som i 2014, og høgskolen vil prioritere tiltak for å sikre både gjennomføring og studentrekruttering slik at den gode utviklinga i produksjonen av studiepoeng kan halde fram, noko som også økonomisk er heilt sentralt.

III. Vidareutvikling

Ein tredje prioritet er å føre vidare ei god utvikling av universitetsfunksjonar og utvikling på andre område også i 2015. Det er likevel slik at enkelte ting/tiltak må avgrensast eller setjast på vent på grunn av fusjonsprosessen med HBV. Somme ting kan det vere lite tenleg å setje i verk før fusjonsspørsmålet er avklara, t.d. etableringa av ny HiT-nettside. Anna kan måtte vente av reint kapasitetsmessige årsaker.

Ei vidareutvikling av forskingsgruppene og ph.d.-programma blir prioritert òg i 2015, ikkje minst er det viktig for å stø opp om arbeidet med å auke eksterne inntekter.

Som nevnt over har det vore lagt stor vekt på fagleg leiing og leiarutvikling generelt i høgskolen de siste åra. Dette vil òg stå sentralt i 2015, ikkje minst på bakgrunn av dei leiingsutfordringane som ligg i ein fusjonsprosess. Ein fusjon, med ein større region og utvida marknader som handlingsarena, vil kunne styrkje satsinga på å auke eksterne inntekter.

Høgskolen har arbeidd ut ein tiltaksplan for 2015, der m.a. følgjande viktige moment blir prioriterte:

- Implementere ny organisering av høgskolens satsing på e-læring
- Greie ut ny lærarutdanning
- Avklare framtidig samarbeid/fusjon med Tel-Tek
- Gjennomføre forprosjekt og ta avgjerd om eventuell oppgradering og/eller arealutviding av simuleringssenteret/bueininga ved Fakultet for helse- og sosialfag
- Starte bygging av nytt studenthus ved studiestad Porsgrunn

Styrets overordna vurdering av institusjonens moglegheiter og utfordringar framover

Styret vurderer høgskolens posisjon som god både for å nytte moglegheitene som ligg der på ein god måte og møte dei utfordringane som vi veit kjem. Høgskolen ser store moglegheiter i ein fusjon med HBV. Ein fusjon vil kunne bidra til ei rad synergjar i form av m.a. meir robuste fagmiljø, styrka forskingsadministrasjon og satsing på EU, og nye marknadsmoglegheiter med potensial for auka eksterne inntekter. Synergjar av ein fusjon vil bli behandla som eiga styresak i mars 2015.

Ein annan moglegheit styret ønsker å trekke fram, er høgskolens satsing på e-læring.

Dette gjeld moglegheiter knytt til nye rekrutteringsmarknader så vel som betra kvalitet innanfor både utdanning og forskning. HiT planlegg ei organisasjonsendring med tilhøyrande ressurstildeling i 2015 for å styrkje denne satsinga ytterlegare.

Det er også sett i gang ei utgreiing av ein tettare integrasjon mellom HiT og Tel-Tek. Dette kan styrke institusjon både når det gjeld forskning og i den eksterne marknaden.

Høgskolen har og utfordringar å arbeide med. Det er teke tak i desse frå institusjonens side, og det er viktig å understreke at det samstundes ligg mange moglegheiter for vekst og kvalitetsutvikling i desse utfordringane.

Ei sentral utfordring er å få ytterlegare vekst i eksterne inntekter generelt og EU-inntekter spesielt. Det er inga ny utfordring, men høgskolen vil halde fram med å satse på dette området, m.a. iverksette gode tiltak både for å auke talet på søknader og for å betre sjølv kvaliteten på dei. Høgskolen si etablering av forskargrupper er ein del av denne satsinga. Ein eigen EU-strategi blei vedteken av styret i februar 2015. Høgskolen har fått 10 mill. kroner av Telemark fylkeskommune. Desse midlane skal m.a. brukast til å styrkje forskargruppene og satsinga inn mot EU.

Ei anna, og vedvarande, utfordring er å auke kompetansenivået og etablere sterkare fagmiljø. Det er sett i verk tiltak for å få ein større del tilsette med førstestillingskompetanse, m.a. gjennom strenge faglege krav ved nyttilsetjingar og ved å etablere førstelektorprogrammet «Framover». Ei fortsatt etablering og vidareutvikling av forskingsgrupper vil halde fram i 2015, og dette er eit viktig grep for å styrkje høgskolen sine fagmiljø.

Ei tredje utfordring er å etablere ny lærarutdanning i alle sentrale skolefag. Høgskolen har sett i gang dette arbeidet mellom anna gjennom å koble saman dei aktuelle fagmiljøa ved EFL og AF. Det er likevel vanskeleg å kome vidare med dette før de faglege rammene for ei ny lærarutdanning er avklara av Kunnskapsdepartementet (KD). Arbeidet vil òg finne stad i tett dialog med HBV.

Som nevnt over er det styret si oppfatning at desse utfordringane lettare vil la seg løyse på en betre måte gjennom ein fusjon med HBV. Alt i alt er det styret sitt syn at Høgskolen i Telemark er godt skodd for å møte dei utfordringane og moglegheitene vi vil møte nær framtid.

Porsgrunn, 12. mars 2015

Rune Nilsen
Styreleiar

Ingrid Risland
Nestleiar

Tor Lønnestad
Styremedlem

Per Åsmund Omholt
Styremedlem

Elin Ødegård
Styremedlem

Anne Margrete Blaker
Styremedlem

Mona Sæbø
Styremedlem

Ellen Hermanrud
Styremedlem

Kristian Espeland
Styremedlem

Camilla Berg Rindahl
Styremedlem

Kai Arne Semb Sætre
Styremedlem

Del II: Introduksjon til verksemda og hovudtal

Omtale av verksemda og samfunnsoppdraget

Høgskolen i Telemark blei stifta 1. august 1994 gjennom ei samanslåing av Telemark distriktshøgskole i Bø, Telemark ingeniørhøgskole i Porsgrunn, Telemark lærarhøgskole på Notodden og på Rauland og Telemark sjukepleiarhøgskole i Skien. Høgskolen er ei statleg nettobudsjettert verksemd og er underlagd Kunnskapsdepartementet (KD). Høgskolen følgjer Universitets- og høgskolelova, og ifølgje denne er institusjonens formål å:

- Tilby høgare utdanning på høgt internasjonalt nivå
- Utføre forskning og fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid på høgt internasjonalt nivå
- Formidle kunnskap om verksemda og spreie forståing for bruk av vitenskaplege og kunstnarlege metodar og resultat, både i offentleg forvaltning, kulturliv og næringsliv.

I tillegg styrer verksemda etter sektormåla som gjeld for UH-sektoren, og høgskolen operasjonaliserer desse gjennom verksemdsmål og styringsparametrar.

I løpet av 2014 blei samarbeidsprosjektet med UiA avslutta. I styremøtet i september vart det vedteke å starte eit tverrinstitusjonelt forprosjekt for å sjå på moglegheiter for ein eventuell fusjon med HBV. Dette grunnar seg både i eit ønske om å oppnå universitetsstatus, og er ein del av KDs sin prosess for å restrukturere universitets- og høgskolesektoren.


Omtale av organisasjonen

HiT har fire ulike studiestader, Porsgrunn, Notodden, Bø og Rauland. I tillegg tilbyr høgskolen undervisning på nett. Frå 1. august 2014 gjekk studiestad Drammen ut, da barnehagelærarutdanninga der blei overført til HBV. Studentar ved høgskolen har også hatt høve til å studere i utlandet gjennom eit samarbeid med Gateway Education, men haustsemesteret 2014 var det siste med opptak av studentar til desse studieprogramma.

HiT har fire fakultet. Det er Fakultet for allmennvitenskaplege fag i Bø med verksemd også i Porsgrunn, Fakultet for estetiske fag, folkekultur og lærarutdanning på Notodden med verksemd også på Rauland og i Porsgrunn, Fakultet for helse- og sosialfag i Porsgrunn og Fakultet for teknologiske fag i Porsgrunn.

Høgskolen vert leia av eit styre, med Rune Nilsen som leiar. HiT har einskapleg leiing med tilsett rektor. Rektor er ansvarleg både for den faglege verksemd og for den administrative og økonomiske sida av verksemda. Rektor ved HiT er Kristian Bogen, og i tillegg består rektoratet av viserektor for utdanning, Jarle T. Bjerkholt, og viserektor for forskning og utvikling, Pål Augestad. Rektoratet er ein del av høgskolens leiargruppe saman med direktør John W. Viflot og dekanane ved kvart av dei fire fakulteta, samt marknads- og kommunikasjonssjef Anette Espeli. Dekan ved Fakultet for allmennvitenskaplege fag er Tone Jøran Oredalen, dekan ved Fakultet for estetiske fag, folkekultur og lærarutdanning er Arild Hovland, dekan ved Fakultet for helse- og sosialfag er Runar Danielsen og ved Fakultet for teknologiske fag er Morten Chr. Melaaen dekan.

Figur 1 viser organisasjonskartet til Høgskolen i Telemark.



Presentasjon av utvalde hovudtal

Hovudtal presenteras nærare i del III.

Høgskolen er ei nettobudsjettert verksemd og fekk i 2014 ei løyving frå KD på 623, 6 mill. kroner. Høgskolens samla driftsinntekter var i 2014 på 692 mill. kroner, med eit ordinært driftsresultat på 19,3 mill. kroner.

I 2014 var det 607 årsverk ved HiT. Av dei tilsette er 52 % kvinner.

Hausten 2014 hadde høgskolen 6 637 eigenfinansierte studentar, ein auke på 214 studentar frå 2014.

Tabell 1 viser utvalde volumtal for dei tre siste åra. Volumtala vert kommenterte i del III. Ein del statistikk som går fram av tabell 1, og andre styringsparametrar vidare i årsmeldinga, er også er å finne i Database for statistikk om høgre utdanning (DBH).

Tabell 1: Utvalde volumtal 2012 - 2014

Volumtal 2012-2014	2012	2013	2014
Tal på førstevalsøklarar	2 831	3 059	3 082
Talet på studentar (eigenfinansierte heiltidsekvivalentar)	5 669	5 723	5 908
Talet på avlagde doktorgradar tildelte av HiT	5	4	8
Talet på publikasjonspoeng	124,2	147	235
Talet på eigenfinansierte studentar	6 264	6 423	6 637
Talet på eigenfinansierte studentar i nett- og samlingsbasert undervisning		1 163	1 180

Talet på egenfinansierte nye 60-studiepoengseiningar	4 589	4 771	4 883
Tal på årsverk	599	603	607
Del førstestillingar av det totale talet på undervisnings-, forskings- og formidlingsstillingar (eksklusiv stipendiatar)	0,42	0,43	0,45

Tabell 2 viser utvalde nøkkeltal frå rekneskapen for dei tre siste åra. Rekneskapstala vert kommenterte i del III.

Tabell 2: Utvalde nøkkeltal frå rekneskapen 2012 - 2014

Nøkkeltal frå rekneskapen 2012 - 2014 (beløp i kr 1 000)	2012	2013	2014
Driftsinntekter	612 604	638 758	691 929
- samla løyving	552 618	582 817	623 579
- eksterne inntekter	59 986	55 741	68 350
Driftsutgifter/-kostnader	617 822	657 623	672 587
Avsetjing løyvingsfinansiert aktivitet	66 053	46 710	66 417

Høgskolen har periodisert verksemdsrekneskap etter statens rekneskapsprinsipp (SRS). Balansen viser at høgskolens egedelar er på 231,0 mill. kroner, fordelt på 44,3 mill. kroner i anleggsmidlar og 186,7 mill. kroner i omløpsmidlar. På motsett side er verksemdskapitalen og gjelda. Den fordeler seg med 5,2 mill. kroner i verksemdskapital og på 225,8 mill. kroner i gjeld.

Del III: Årets aktiviteter og resultat

3.1 Resultatrapportering

HiT har som ein overordna strategi å vidareutvikle universitetsfunksjonane og oppnå universitetsstatus. Fram til 2014 har HiT vore med i eit institusjonelt forankra samarbeidsprosjekt med UiA med sikte på å utvikle og realisere konkrete fellestiltak av fagleg og administrativ karakter og å greie ut grunnlaget for fusjon eller utvida samarbeid mellom dei to institusjonane. Styra ved dei to institusjonane vedtok i juni 2014 at det ikkje blir nokon fusjon.

Hausten 2014 begynte arbeidet med ein fusjon mellom HiT og HBV, og styra gjorde i desember 2014 følgjande vedtak:

1. *Styret mener at en sammenslåing med Høgskolen i Buskerud og Vestfold vil kunne styrke institusjonen som konkurransedyktig internasjonal, nasjonal og regional kunnskapsaktør. Gitt en positiv avklaring av forutsetningene nevnt i punkt 2 i vedtaket, er styret derfor innstilt på å vedta en fusjon mellom HBV og HiT for å styrke institusjonens muligheter for å realisere ambisjoner og målsettinger innenfor utdanning og forskning.*
2. *Styret ber om at rektor gjennom dialog med Kunnskapsdepartementet avklarer følgende forutsetninger for en eventuell fusjon:*
 - a) *Hvorvidt den nye sammenslåtte institusjonen kan etableres som universitet.*
 - b) *Hvorvidt Kunnskapsdepartementet vil tildele SAKS-midler som dekker kostnader knyttet til gjennomføring av fusjonsprosessen.*
3. *Styret mener det er viktig med en snarlig avklaring av fusjonsspørsmålet, og ber om at saken legges frem for endelig behandling i styremøtet i februar eller mars 2015. Styret ber om at saken inneholder følgende:*
 - *En tilbakemelding om KDs vurdering av forutsetningene for en fusjon, jf. punkt 2 i vedtaket.*
 - *En tentativ overordnet profil og visjon for den nye institusjonen.*
 - *Dokumentasjon av faglige synergier som følger av fusjonen, og som styrker HiTs visjon og ambisjoner som høyere utdanningsinstitusjon.*
 - *Overordnede prinsipper og premisser for fusjonen.*
 - *Plan for utredning av vesentlige forhold som må være avklart ved fusjonstidspunktet, og en vurdering av aktuelle fusjonstidspunkt. I denne sammenheng bør det dras veksler på erfaringer de to institusjonene har fra tidligere prosesser de har vært involvert i.*
 - *Styrings- og beslutningsmodell for arbeidet med etablering av den nye institusjonen.*
4. *Styret forutsetter at prosessen ivaretar involvering og medvirkning iht hovedavtalen. Tjenestemannsorganisasjonene og studentorganisasjonen (SOT) skal gis tid og rom*

for medbestemmelse i strategiske beslutningsprosesser. Videre forutsetter styret at det gis informasjon til alle deler av organisasjonen.

Føresetnaden i pkt. 2 i vedtaket er p.t. ikkje avklara, men begge institusjonane arbeider vidare med sikte på fusjon.

3.1.1 Sektormål 1: Utdanning

Verksemdsmål 1.1:

HiT skal ha eit rikhaldig studietilbod både i breidd og nivå, og skal utdanne dugelege kandidatar som samfunnet har bruk for. Fagprofilen skal vere kjenneteikna av doktorgradsprogramma i teknologi, økologi og kultur, studieprogramma som står opp under desse, og profesjonsutdanningane.

Oppnåing og analyse (overordna for verksemdsmålet)

Som det går fram av tabell 3 under, har HiT oppfylt dei aktuelle resultatmåla. Både talet på førstevalsøkjjarar og studentar har hatt ei god utvikling, sjølv om det er ein del variasjonar mellom fagområda. Samla sett meiner HiT at verksemdsmålet er nådd.

Utfordringa er å halde fram med å marknadsføre det gode studietilbodet og samstundes bli flinkare til å formidle føremonene med å leve og studere utanom dei større byane.

Verksemdsmål 1.2:

Høgskolen i Telemark skal tilby eit godt læringsmiljø med undervisnings- og vurderingsformer som sikrar fagleg innhald, læringsutbytte og god gjennomstrøyming. HiT sine nettbaserte studietilbod skal vere blant dei beste i landet.

Oppnåing og analyse (overordna for verksemdsmålet)

Dette verksemdsmålet blei i all hovudsak nådd for rapporteringsåret. Det vil framleis vere ei viktig utfordring for det kommande året å betre gjennomstrøyminga ytterlegare. Det blir arbeidd med ulike tiltak ved fakulteta for å redusere fråfallet og auke studiepoengproduksjonen. HiT har som strategi å vere blant dei beste i Noreg når det gjeld bruk av teknologi innanfor verksemda sine kjerneområde, med spesiell vekt på undervisning. HiT har i meir enn 10 år tilbode fleksible, nettstøtta studium. Det blir vist til nærare omtale av fleksibel utdanning på side 34.

Styringsparametrar til verksemdsmål 1.1 og 1.2

- a) Talet på førstevalsøkjjarar i Samordna opptak skal vere minst 3 100.
- b) Talet på studentar (eigenfinansierte heiltidsekvivalentar) skal vere minst 5 870.
- c) Nye studiepoeng per eigenfinansiert heiltidsekvivalent per år skal vere minst 50.
- d) Talet på studentar (heiltidsekvivalentar) per undervisnings-, forskings- og formidlingsstilling skal vere om lag 19.
- e) Talet på eigenfinansierte nye 60-studiepoengseiningar skal vere minst 4 668.
- f) Talet på uteksaminerte mastergradskandidatar skal vere minst 160.

- g) Talet på uteksaminerte bachelorgradskandidatar skal vere minst 920.
- h) Talet på uteksaminerte kandidatar fordelte på følgjande prioriterte område skal vere minst slik dei går fram i parentes: sjukepleiarutdanning (120), vernepleiarutdanning (35), allmennlærerutdanning (75), førskolelærerutdanning (180) og ingeniørutdanning (160).

Ambisjonsnivå, resultat og analyse

Tabell 3: Resultat og mål for styringsparametrar til verksemdsmål 1.1 og 1.2

Styringsparametrar	Resultat			Ambisjonsnivå
	2012	2013	2014	2015
Førstevalsøklarar i Samordna opptak Frå So 46	2 831	3 040	3 082	3 100
Studentar (eigenfinansierte heiltidsekvivalentar)	5 669	5 723	5 908	5 865
Nye studiepoeng per eigenfinansiert heiltidsekvivalent per år	48,6	50,1	49,1	50
Studentar per undervisnings-, forskings- og formidlingsstilling (eigenfinansierte)	18,8	18,6	19,4	19,0
Talet på eigenfinansierte nye 60-studiepoengseiningar	4 589	4 771	4 833	4 900
Talet på uteksaminerte mastergradskandidatar	118	150	143	150
Talet på uteksaminerte bachelorgradskandidatar	724	898	876	900
Talet på uteksaminerte kandidatar fordelte på utvalde område				
• sjukepleie	104	100	129	130
• vernepleie	32	66	39	50
• allmenn-/grunnskolelærer	59	70	90	90
• førskole-/barnehagelærer	128	181	162	150
• ingeniør	151	149	133	160

Korte kommentarar til kvar styringsparameter

a) Førstevalsøklarar i Samordna opptak skal vere minst 3 100.

Søkinga på landsbasis til høgare utdanning gjennom SO gjekk opp frå 117 159 i 2013 til 119 914 i 2014. HiTs tal på primærøklarar auka frå 3 040 i 2013 til 3 082 i 2014, og HiT heldt dermed oppe marknadsdelen sin på om lag 2,6 %. 44,6 % av førstevalsøklarane til HiT kjem frå Telemark. Innslaget av søklarar frå Vestfold og Buskerud ligg på høvesvis 11,9 % og 6,3 %, medan 5,7 % av søklarane med HiT som førsteval kjem frå Agder. Nett-/samlingsbaserte studium held fram med å rekruttere godt, men studia innan teknologiske fag og lærar- og barnehagelærerutdanning har dessverre hatt ein svak nedgang i talet på søklarar.

b) Talet på studentar (eigenfinansierte heiltidsekvivalentar) skal vere minst 5 870.

Talet på eigenfinansierte heiltidsekvivalentar var 5 908 i 2014. Det inneber ein vekst på 3,2 % frå 2013. Resultatet var betre enn målet for 2014, som var på minst 5 870 studentar.

c) Nye studiepoeng per eigenfinansiert heiltidsekvivalent per år skal vere minst 50.

HiT hadde ein svak nedgang i studiepoengproduksjonen per eigenfinansiert heiltidsekvivalent frå 2013 til 2014, frå 50,1 til 49,1, så resultatmålet for 2014 blei ikkje fullt ut nådd.

d) Talet på studentar per undervisings-, forskings- og formidlingsstilling skal vere om lag 19.

Talet på studentar per undervisings-, forskings- og formidlingsstilling blei 19,4, og resultatmålet blei nådd.

e) Talet på eigenfinansierte nye 60-studiepoengseiningar skal vere minst 4 668.

Talet på eigenfinansierte nye 60-studiepoengseiningar blei 4 833 i 2014, ein auke på 63 (1,3 %) samanlikna med 2013. Resultatmålet på 4 668 blei såleis nådd med god margin. Hovudgrunnen til auken er høgare studenttal.

f) Talet på uteksaminerte mastergradskandidatar skal vere minst 160.

143 mastergradsstudentar fullførte i 2014, og det er noko lågare enn resultatmålet.

g) Talet på uteksaminerte bachelorgradskandidatar skal vere minst 920.

876 bachelorgradskandidatar fullførte i 2014. Resultatmålet blei såleis ikkje fullt ut nådd.

h) Talet på uteksaminerte kandidatar fordelt på følgjande prioriterte område skal vere minst slik dei går fram i parentes: sjukepleiarutdanning (120), vernepleiarutdanning (35), allmennlærer-/grunnskolelærerutdanning (75), førskole-/barnehagelærerutdanning (180) og ingeniørutdanning (160).

Resultatmåla for uteksaminerte kandidatar blei oppfylte for sjukepleiarutdanninga, vernepleiarutdanninga og allmennlærer-/grunnskolelærerutdanninga, medan førskole-/barnehagelærerutdanninga og ingeniørutdanninga fekk uteksaminert færre enn målet i 2014.

Verksemdsmål 1.3:

Høgskolen i Telemark skal ha eit utstrekt internasjonalt utdanningssamarbeid som medverkar til auka utdanningskvalitet.

Oppnåing og analyse (overordna for verksemdsmålet)

HiT meiner at verksemdsmålet er rimeleg godt oppfylt for 2014.

HiT har framleis for få utreisande utvekslingsstudentar, jamvel om det har vore ei særers positiv utvikling i 2014. Talet på personalutvekslingar (på 1 måned eller meir) er framleis for lågt.

Med desse atterhalda er høgskolen nøgd med utviklinga i dei seinare åra, der fleire og fleire av fagmiljøa er involverte i internasjonalt samarbeid av ulikt slag. Dei fleste samarbeidstiltaka frå tidlegare år held fram.

Aktivitetane er mange og viser stor breidd. I 2014 har HiT vore involvert i fleire store aktivitetar. Mellom anna har ei melding om internasjonalisering blitt lagt fram for og behandla av styret ved HiT. Meldinga gjer opp status for høgskolen på internasjonaliseringsområdet, peikar på utfordringar og mogelege tiltak.

I etterkant av meldinga har det vore mykje merksemd om internasjonalisering på internseminar, instituttmøte på dei ulike institutta med meir.

HiT har i 2014 òg mellom anna fått støtte til to prosjekt mot India som omfattar tre av fire fakultet ved høgskolen. Prosjekta er retta mot bio-informatikk og offentleg helse. Fleire miljø har òg vist interesse for dei nye ordningane i Erasmus+, og har t.d. søkt om støtte til strategiske partnerskap.

Høgskolen vil peike på at den totale internasjonale aktiviteten er høgare i 2014 enn han har vore noko år tidlegare. Det er mange søkjarar til dei midlane som blir lyste ut internt til støtte for internasjonalt samarbeid. Det er fleire søknader om deltaking i internasjonale program, og fleire miljø er med. Fleire miljø enn tidlegare har tilbod om enkeltemne eller kortare program på engelsk. Totalt hadde høgskolen emne tilsvarande 962,5 studiepoeng i 2014. Det sikrar eit godt tilbod til innkomande utvekslingsstudentar og gjer at HiT er blant dei institusjonane som tek imot flest innkomande studentar.

Alle fakulteta ved HiT arbeidar godt med å utvide det internasjonale samarbeidet, jamvel om det framleis er miljø som kunne ha vore meir aktive. Samla sett er utviklinga positiv. Leiinga på institusjons- og avdelingsnivå legg vekt på internasjonalisering som eit viktig kvalitativt aspekt ved verksemda, og eit viktig element i konkurransen om både studentar og fagpersonar.

Høgskolen har eit godt utbygd internasjonalt nettverk, og arbeider aktivt for å kople saman ulike fagområde i høgskolen når det gjeld internasjonalisering og for å introdusere nye fagmiljø til etablerte avtalepartnerar. Kina-samarbeidet femner nå om aktivitetar ved to fakultet. Lærarutdanning, helse- og sosialfag, natur- og miljøvern fag satsar felles på eit samarbeid med University of Pune, India. HiT er med i ei rekkje Nordplus- og Erasmusaktivitetar, har fleire større prosjekt innanfor utdanning mellom anna med tilskot gjennom SIU (NOMA- og Eurasia-programma og Russlandsprogramma). Tre av fire fakultet er involverte i prosjekt under Eurasia-programmet som avsluttast i 2015. HiT har nå samarbeid med partnerar i dei fleste av dei geografiske områda som har vore prioriterte dei siste åra, mellom anna Kina, India, USA, Canada, Sør-Afrika og EU-området.

Frå 2013 har HiT delteke som partner i eit samarbeidsprosjekt leia av Telemark Fylkeskommune for å styrkje relasjonane til partnerar i Midtvesten innan utdanning, kultur og næringsliv. Dette har vore med på å auke studentutvekslinga til USA generelt og Midt-Vesten spesielt. Prosjektet held fram til og med 2015. Høgskolen er i ferd med å etablere samarbeid med fleire forskings- og utdanningsinstitusjonar her.

Arbeidet med å leggje meir til rette for internasjonalisering heime har starta og vil bli intensivert i 2015. Internasjonal og fleirkulturell erfaring og kompetanse blir stadig viktigare på arbeidsmarknaden, og HiT meiner det er viktig at studieprogramma speglar desse behova.

Styringsparametrar til verksemdsmål 1.3

- a) Talet på utvekslingsstudentar (ut-/innreisande) skal vere minst 245, av dei 75 utreisande.
- b) Talet på tilsette som blir utveksla via programavtalar skal vere minst 10.

Ambisjonsnivå, resultat og analyse

Tabell 4: Resultat og mål for styringsparametrar til verksemdsmål 1.3

Styringsparametrar	Resultat			Ambisjonsnivå
	2012	2013	2014	2015
Talet på utvekslingsstudentar (ut-/innreisande)	186 (ut 46)	230 (ut 64)	243 (ut 78)	250 (av dei minst 100 utreisande)
Tilsette som blir utveksla via programavtalar (1 mnd. eller meir)	4	2	1	5

Korte kommentarar til kvar styringsparameter

a) *Talet på utvekslingsstudentar (ut/innreisande) skal vere minst 245, av dei 75 utreisande.*

Studentutvekslinga totalt (ut + inn) var i 2014 på 243. Dette er noko høgare enn i 2013. Det positive er at talet på utreisande studentar auka frå 46 i 2012 til 64 i 2013, og nå aukar nok ein gong til 78 utreisande studentar. Sjølv om tala framleis er for låge, er dette ei vesentleg betring frå 2012 til 2014. Fagmiljøa har jobba målmedvete med å leggje betre til rette for at utvekslingar kan kome i stand, og det har dei lukkast med. HiT vonar at den positive utviklinga vil halde fram. Det er òg positivt at fleire drar til prioriterte område, som til dømes Nord-Amerika. Tala for Erasmus-utvekslingar er framleis for låge, og vil vere eit satsingsområde i dei nærmaste åra.

Det er positivt at talet på utreisande studentar er høgare enn i 2014, og HiT justerer derfor opp målet for tal på utreisande studentar for 2015.

Særleg profesjonsutdanningane har hatt problem med å leggje til rette for opphald ute i 3 månadar eller meir. I det nye Erasmus+ programmet blir det opna for at studentar kan reise ut på praksis i 2-12 månadar. HiT meiner at dette er svært positivt, og ventar at fleire studentar reiser ut på slike opplegg når perioden er redusert til 2 månadar. Det er å vona at også slike kortare opphald kan gje uttelling i budsjettmodellen. Det vil i så fall medverke til å auke talet på studentutvekslingar gjennom Erasmusprogrammet.

I tillegg til utvekslingar på 3 månadar eller meir har HiT òg mange studentar på kortare opphald i utlandet. Talet på studentar som har vore ute på kortare opphald i 2014, er 185. Av desse har fleire vore på praksisopphald. Mellom anna har 15 førskolelærarstudentar vore i India, 9 førskolelærarstudentar i Kina og 6 førskolelærarstudentar i Liverpool for å gjennomføre praksis. I tillegg har 8 studentar vore på Euroweek, som er ei årleg samkome for eit europeisk nettverk HiT er deltakar i. 28 studentar på engelsk har vore på studiesenteret i York. HiT har òg nytta ulike Nordplus-nettverk aktivt for kortare mobilitetar.

b) *Talet på tilsette som blir utveksla via programavtalar (opphald på minimum ein månad) skal vere minst 10.*

Berre ein person har vore ute på fagleg opphald av tilstrekkeleg lengd til å bli rapportert i statistikken. Høgskolen er ikkje nøgd med dette, eller med at talet er lågare enn i fjor.

Høgskolen har tidlegare ikkje hatt faste ordningar for fagleg oppdatering eller forskingsfri, og heller ikkje særskilde stipendordningar. Frå og med hausten 2014 er det etablert ei prøveordning med støtte til mobilitetsopphald på ein månad eller meir. Høgskolen vonar at det kan bidra til at fleire reiser ut på lengre opphald.

Av rapporteringa frå fakulteta går det elles fram at totalt 68 tilsette har vore på kortare utvekslingar i utlandet (1- 4 veker). Talet på personalutvekslingar som har vore gjennomførde med Erasmusstipend, burde vore høgare. Høgskolen har nytta sentrale midlar som ekstra stimulering til fakulteta for å auke utvekslinga med Erasmus-partnarar. Dette har gjeve gode resultat i talet på Erasmusutvekslingar. 79 personar frå HiT sine partnerar har vore på utvekslingsopphald til HiT i 2014, dei fleste på Erasmus- eller Nordplusaktivitetar. Det er ein auke frå 2013. Dette syner at tilsette ved HiT er aktive i internasjonalt samarbeid og at høgskolen har eit stort og aktivt internasjonalt nettverk.

3.1.2 Sektormål 2: Forsking og utvikling

Verksemdsmål 2.1:

HiT skal prioritere tverrfagleg og praksisnær forskning som stør opp under høgskolens utdanningsprofil og som samstundes møter regionale og nasjonale kompetansebehov.

Oppnåing og analyse (overordna for verksemdsmålet)

HiT har og i 2014 halde fram den positive utviklinga innanfor forskning. Høgskolen hadde i 2014 sitt beste forskingsår til nå målt i publikasjonspoeng. Aldri har det blitt publisert så mykje av tilsette ved høgskolen, korkje i absolutte tal eller målt som gjennomsnitt per UFF-stilling. Auken frå 2013 til 2014 var på 88 publikasjonspoeng, ein auke på nesten 60 % på eitt år.

Verksemdsmål 2.2:

Innan områda teknologi, økologi og kultur skal HiT drive forskning og forskarutdanning på høgt nasjonalt og internasjonalt nivå.

Oppnåing og analyse (overordna for verksemdsmålet)

Doktorgradsstudium innan prosess-, energi- og automatiseringsteknikk blei akkreditert av NOKUT i 2009, og studiet starta opp hausten 2009. Det innebar at dei første kandidatane blei uteksaminerte i 2012. Totalt blei sju kandidatar uteksaminerte frå dette doktorgradsprogrammet i 2014.

HiTs doktorgradsstudium innan økologi blei godkjent oppretta hausten 2010. Programmet starta opp hausten 2011. Den første kandidaten som disputerte på programmet, gjorde det allereie i 2013. I 2014 var det ein kandidat som avla doktorgraden på programmet.

I 2012 blei høgskolens tredje doktorgradsprogram, i kulturstudiar, starta opp. Det er ikkje venta at nokon frå dette programmet vil disputere før tidlegast i 2015.

Hausten 2013 starta HiT førebuingane fram mot søknadsfristen for Strategisk høgskoleprosjekt (SHP) i februar 2014. Tre prosjektskisser, fagleg plasserte innanfor kvart sitt doktorgradsområde, blei valde som gode utgangspunkt for søknader, og fekk støtte til vidare utarbeiding. Ingen av søknadene fekk gjennomslag i Forskningsrådet, men alle tre har danna grunnlag for andre søknader under andre program. Fleire søknader er planlagde i 2015, også innanfor EU-rammeprogrammet Horisont2020.

Styringsparametrar til verksemdsmål 2.1 og 2.2

- a) Talet på avlagde doktorgradar tildelte av HiT skal vere 8.
- b) Talet på avlagde doktorgradar av personar HiT har arbeidsgjevaransvar for skal vere 10.

- c) Stipendiatar på eigne doktorgradsprogram skal vere minst 50.
- d) Rekruttering til doktorgrad frå eigne masterstudentar skal vere minst 20 (5).
- e) Talet på publikasjonspoeng skal vere minst 155.
- f) Publikasjonspoeng per undervisnings-, forskings- og formidlingsstilling skal liggje på minst 0,4
- g) Talet på søknader til NFR inkl. RFF skal vere minst 20 (NY).
- h) Tildeling frå Forskingsrådet skal vere på minst 10 mill. kroner.
- i) Høgskolen skal delta i utarbeiding av minst 2 EU-søknader.
- j) Talet på nye publikasjonar i TEORA skal vere minst 120.

Ambisjonsnivå, resultat og analyse

Tabell 5: Resultat og mål for styringsparametrar til verksemdsmål 2.1 og 2.2

Styringsparametrar	Resultat			Ambisjonsnivå
	2012	2013	2014	2015
Talet på avlagde doktorgradar tildelte av HiT	5	4	8	12
Talet på avlagde doktorgradar av personar HiT har arbeidsgjevaransvar for	12	6	9	14
Øyremerkte midlar til eigne doktorgradsprogram	-	14,5 mill. kroner	- (utgått)	-
Stipendiatar på eigne doktorgradsprogram		48	59	60
Rekruttering til doktorgrad frå eigne masterstudentar		18 (4)	23 (8)	23 (9)
Talet på publikasjonspoeng	124,2	147	235*	240
Publikasjonspoeng per undervisnings-, forskings- og formidlingsstilling	0,33	0,38	0,62	0,62
Talet på søknader til NFR inkl. RFF	-	-	32	40
Tildeling frå Forskingsrådet	7 239 483*	5 075 764*	6 455 431**	10 000 000

Høgskolen skal delta i utarbeiding av EU-søknader	-	2	2	2
Talet på nye publikasjonar i TEORA	61	115	124	140

* Forventa tal. Endeleg tal ikkje klart ved utarbeiding av saka.

**Inkludert midlar frå regionale forskingsfond.

Korte kommentarar til kvar styringsparameter

a) *Talet på avlagde doktorgradar tildelte av HiT skal vere 8.*

I 2014 vart det tildelt åtte doktorgradar ved høgskolen. Det var og måtalet, og høgskolen er nøgd med resultatet.

b) *Talet på avlagde doktorgradar av personar HiT har arbeidsgjevaransvar for, skal vere 10.*

Det totale talet doktorgradar avlagde av personar HiT har arbeidsgjevaransvaret for var ni, av dei var det åtte på eigne doktorgradsprogram og ein på doktorgradsprogram utanfor høgskolen. Høgskolen ser seg nøgd med resultatoppnåinga sjølv om måtalet ikkje blei nådd fullt ut. Det blir fleire og fleire av stipendiatane ved høgskolen som er tekne opp på eigne program. Alle stipendiatstillingane som blei fordelte i 2014 skulle inn på høgskolens eigne program. Det kan synast som om ein tettare relasjon mellom høgskolen som arbeidsgjevar og utdannar gjer at utdanningsløpet til ph.d.-kandidatane er noko kortare enn for dei kandidatane som berre har høgskolen som arbeidsgjevar og er tekne opp på doktorgradsprogram ved ein annan institusjon. Førebels er talgrunnlaget for lite til å fastslå at det er ein samanheng, men det lyt vere ein tendens.

c) *Stipendiatar på eigne doktorgradsprogram skal vere minst 50.*

I 2014 var det heile 59 stipendiatar registrerte på eigne doktorgradsprogram. Det er høgskolen svært nøgd med. Fordelinga er følgande:

Kultur	Teknologi	Økologi	Totalt
12	30	17	59

HiT hadde i 2014 berre 24 rekrutteringsstipendiatar finansierte frå KD. Talet på stipendiatstillingar tildelte over statsbudsjettet til høgskolen har nærast vore uendra dei siste 5 åra, trass i at HiT i same periode har gått frå eitt til tre doktorgradsprogram på eigen kjøl. Dette betyr at høgskolen må finne fram til alternative finansieringskjelder for å oppfylle NOKUTs krav om 15 stipendiatar per doktorgradsprogram. I tillegg til "KD-stipendiatane" har HiT nokre stipendiatar som er finansierte av høgskolens mindreforbruk. Mindreforbruk er midlar som har blitt ståande ubrukte på tiltaket fordi det har teke tid å tilsetje stipendiatar.

d) *Rekruttering til doktorgrad frå eigne masterstudentar skal vere minst 20 (5).*

HiT har dessverre ikkje fått inn alle data på denne interne styringsparameteren. Høgskolen anslår at 23 av totalt 59 stipendiatar er rekrutterte frå eigne masterprogram til doktorgradsprogramma. Av desse er 8 nyrekrutterte frå eigne masterprogram til doktorgradsprogramma i 2014.

e) *Talet på publikasjonspoeng skal vere minst 155.*

Førebelse tal syner at veksten frå dei siste fem åra held fram, og høgskolen ligg an til å få om lag 235 publikasjonspoeng i 2014. Det er ein auke på 85 poeng berre frå 2013, som også var eit rekordår. Veksten frå 2013 til 2014 er på om lag 57 %. Frå 2011 har HiT i tillegg sett i gang ei rad større og mindre tiltak for å styrkje forskinga og for å profilere høgskolen som forskingsinstitusjon. Høgskolen har satsa på forskingsformidling ved å delta i Forsker grand prix, oppjustert sine arrangement på forskingsdagane, etablert ein eigen forskingspris, arrangert kronikk-kurs for tilsette og samarbeidd med litteraturhuset i Telemark for å vise fram HiTs beste forskarar.

HiT har også vedteke konkrete tiltak for å auke institusjonens publisering: M.a. er det sett av 3,5 millionar til forskingsstipend til tilsette og 1 million i stimuleringsmidlar til å søkje ekstern finansiering. HiT har vedteke retningslinjer for pensjonistar som ønskjer forlenga tilknytning til høgskolen. Det er og arrangert publiseringkurs for de tilsette. Fleire ting kunne ha vore nemnde. HiT har sett i verk tiltak for å styrkje og harmonisere dei tilsette sine forskingsvilkår, m.a. gjennom å implementere Charter & Code. Gjennom C & C har HiT plikta seg til å innføre ordningar og reglar som sikrar gode forskingsvilkår for alle forskarar på ulike stadium i karrierestigen. EUs logo for excellence i forskingsvilkår er viktig å kunne smykke seg med for ein lite kjent forskingsinstitusjon som HiT. Logoen er viktig for å kunne inngå forskingsalliansar med andre institusjonar, og for å rekruttere gode forskarar frå inn- og utland. Det siste året har HiT arbeidd med å etablere tematiske forskingsgrupper, og har nå gjeve grønt lys til ca. 15 slike grupper. Poenget er å styrkje institusjonens evne til å søkje eksterne midlar, men også å profilere høgskolen og å skape ein arnested for å utvikle problemstillingar og for å kvalitetssikre forskinga.

f) *Publikasjonspoeng per undervisnings-, forskings- og formidlingsstilling skal liggje på minst 0,4.*

Dei endelege tala for 2014 ligg ikkje føre ennå, men førebelse tal syner ein markant vekst frå 2013 til 2014. Talet er per februar 2015 på ca. 0,62 poeng. Det er ein auke på 0,35 poeng i høve til 2013. I 2013 var veksten i talet på publikasjonspoeng større i reine tal enn per UFF-stilling, av di talet på tilsette i UFF-stillingar auka det året. I 2014 har talet UFF-tilsette gått ned, medan HiT har hatt ein auke i publikasjonspoeng. Det relative talet er difor mykje høgare for 2014 enn for 2013.

g) *Talet på søknader til NFR inkl. RFF skal vere minst 20.*

I tillegg til auka fokus på publisering, har det også vore understreka at forskarane ved HiT i større grad må søkje mot eksterne finansieringskjelder for finansiering av forskinga si, og for å sikre at HiTs forskning er på eit høgt fagleg nivå. I 2014 blei det sendt 32 søknader til Forskringsrådet og Regionale forskingsfond. Det er godt over målsetjinga, og HiT er nøgd med talet. Men sjølv om det blei sendt mange søknader, er det ikkje så mange som er innvilga. Ein del søknader er ikkje ferdig vurderte enno, så det talet kan og auke.

h) *Tildeling frå Forskringsrådet skal vere minst 10 mill. kroner.*

Tildelinga frå Forskringsrådet auka med nærare 1,4 millionar kroner frå 2013 til 2014.

HiT fekk innvilga eitt nytt, stort prosjekt i samarbeid med Tel-Tek som forklarar delar av auken. Fleire søknader om mindre summar blei og innvilga og trekkjer opp den totale summen.

Talet er framleis for lågt, og HiT satsar hardt også i 2015 for å auke talet både på sende og innvilga søknader. Det blei sendt mange søknader i 2014, og det tek ofte lang tid før resultatet føreligg. Fleire av søknadene sendte i 2014 er ennå ikkje avklara.

i) Høgskolen skal delta i utarbeiding av minst 2 EU-søknader.

I 2014 var høgskolen med på to søknader til EU-finansierte program. Begge var under programmet JPI Cultural Heritage.

Talet er som måletalet, men høgskolen er ikkje nøgd med det. Hausten 2014 blei ein eigen EU-strategi arbeidd ut, i form av ein konkret plan for å auke talet på EU-søknader på kort og lang sikt.

j) Talet på nye publikasjonar i TEORA skal vere minst 120.

Talet på nye publikasjonar i TEORA i 2014 blei 124. Det er omtrent som året før og høgskolen er nøgd med talet. HiT har som mål at forskingsresultata skal være opent tilgjengelige for ein kvar, offentlig sektor, næringslivet og det globale forskarsamfunnet. For å stimulere til Open Access-publisering har HiT i det årlege budsjettvedtaket avsett midlar til:

- a. Publiseringsavgift for publisering av artiklar. Midlane dekker avgift for å publisere i rene Open Access-tidsskrifter og for enkeltartikler i abonnementstidsskrifter.
- b. Etablering og drift av Open Access-tidsskrifter på fagfelt som har betydning for HiT.
- c. Støtte til Open Access-tidsskrifter der HiTs faglege tilsette er medlemmer av redaksjonen.

Desse stimuleringsordningane forvalta av viserektor for FoU, og for 2015 har HiT løyvd kr 400 000 til dette.

3.1.3 Sektormål 3: Samfunnskontakt

Verksemdsmål 3.1:

Høgskolen i Telemark skal utvide og forsterke samarbeid og kontakt med samfunns- og næringsliv. M.a. gjennom sin desentraliserte struktur skal høgskolen stå fram i regionen som ein tydeleg og sjølvstøtt samarbeidspartnar.

Oppnåing og analyse (overordna for verksemdsmålet).

I 2014 har HiT prioritert samarbeidet med vertskommunane Porsgrunn, Bø og Notodden om utvikling av studiestadene. Målsetjinga med utviklingsprosjekta har vore å utvikle campusane som attraktive studiestader, som arbeidsplassar for framtida, og å styrkje samarbeidsrelasjonar og koplingar med kommunar og næringsliv.

Gjennom å ta del i samhandlingsprosjektet «Virkemidler for regional FoU og innovasjon (VRI)» i Telemark har HiT styrka og vidareutvikla samhandlinga mellom studentar og næringslivet i regionen, og formidla HiTs kompetanse til næringslivet gjennom den regionale partnerskapen av FoU-miljø og verkemiddelaktørar.

HiT har også auka omfanget av eksternt samarbeid om forskning, og fekk fleire store FoU-prosjekt i samarbeid med eksterne. Men framleis er omfanget av eksterne FoU-samarbeid for lågt og må styrkast.

Verksemdsmål 3.2:

Både gjennom utdanning, forskning og formidling skal HiT, m.a. saman med regionale aktørar, medverke til innovasjon og entreprenørskap.

Oppnåing og analyse (overordna for verksemdsmålet)

I 2014 etablerte HiT eit treårig entreprenørskapssatsingsprosjekt. Målsetjinga er å styrkje studentar og tilsette sin kompetanse i nytenking og innovasjonsprosessar og gjennom dette å medverke til regional verdiskaping. Alle fakulteta ved HiT er involverte, og det er m.a. utvikla eit tverrfagleg emne i praktisk (anvendt) entreprenørskap retta mot studentar.

I samarbeid med industri-inkubatoren Proventia, Ungt Entreprenørskap Telemark og Connect Me har HiT styrka og vidareutvikla Studentbedriftsutdanninga i 2014. Studentbedrift er ein treningsarena for produkt- og forretningsutvikling, og gjev studentane tverrfagleg læring og erfaring gjennom etablering, drift og avvikling av eiga forretningsverksemd. Kandidatar som har gjennomført denne utdanninga får svært positiv omtale av arbeidsgjevarar, og nokre etablerer eigne føretak etter avslutta studium.

Styringsparametrar til verksemdsmål 3.1 og 3.2

- a) Det totale omfanget av eksterne inntekter, dvs. alt utanom tildelt løyving over statsbudsjettet, skal vere minst 38 mill. kroner.
- b) Resultat av oppdragsfinansiert verksemd skal vere minst 600 000 kroner.
- c) Talet på eigenfinansierte studentar i nett- og samlingsbasert undervisning skal vere minst 1 300.
- d) Talet på studentføretak skal vere minst 20.

Ambisjonsnivå, resultat og analyse

Tabell 6: Resultat og mål for styringsparametrar til verksemdsmål 3.1 og 3.2

Styringsparametrar	Resultat			Ambisjonsnivå
	2012	2013	2014	2015
Det totale omfanget av eksterne inntekter, dvs. alt utanom tildelt løyving over statsbudsjettet (beløp 1 mill. kr)	57,5	55,9	68,3	75
Resultat av oppdragsfinansiert verksemd	551 000	-27 192	-125 390	600 000
Talet på eigenfinansierte studentar i nett- og samlingsbasert undervisning		1 163	1 180	1 300
Talet på studentføretak	19	20	16	20

Korte kommentarar til kvar styringsparameter

a) *Det totale omfanget av eksterne inntekter, dvs. alt utanom tildelt løyving over statsbudsjettet, skal vere minst 38 mill. kroner.*

Det totale omfanget av eksterne inntekter i 2014 var 68,3 mill. kroner, ein auke på 12,4 mill. kroner samanlikna med året før.

Dette er langt over målsetjinga og skuldast i hovudsak auka tilskot frå Utdanningsdirektoratet (ca. 7,4 mill. kroner) til mellom anna Arbeidsplassbasert barnehagelærerutdanning (ABLU) og andre vidareutdanningar, auka tilskot frå privat næringsliv (1,8 mill. kroner) og auka tilskot frå NFR (ca. 1,7 mill. kroner).

b) *Resultat av oppdragsfinansiert verksemd skal vere minst 600 000 kroner.*

Resultatrekneskapen viser eit underskot på oppdragsaktivitet på kr 125 390. Årsaka til underskotet er belastning av tap på eit større fleirårig prosjekt på kr 389 195. 9 andre prosjekt gjekk med overskot på til saman kr 263 805.

I dei reviderte retningslinene for bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet har styret stilt krav til at oppdragsfinansierte prosjekt skal budsjetterast med eit overskot på minimum 5%. Vi forventar at dette skal gje utslag i auka positivt resultat av oppdragsfinansiert verksemd.

c) *Talet på eigenfinansierte studentar i nett- og samlingsbasert undervisning skal vere minst 1 300.*

Talet på eigenfinansierte studentar i nett- og samlingsbasert undervisning blei 1 180 i 2014. Det er noko under målsetjinga for 2014, men likevel ein svak auke frå 2013.

c) *Talet på studentføretak skal vere minst 20.*

Studentføretaka ved HiT er kjende for å ha høg kvalitet og skåre bra i nasjonale og internasjonale konkurransar, og dei blir gjennomførde i nært samarbeid med regionalt samfunns- og næringsliv. Talet på studentføretak våren 2014 var 16. Det er fire færre enn i 2013. Hovudårsaka er at det har vore færre studentar på dei studieretningane som har dette tilbodet, og at prosjektet «Ung gründer», som mellom anna gjennomførte mobiliseringstiltak for å auke talet på studentføretak, blei avslutta i 2013. Me vonar at talet på studentføretak vil auke igjen med den nye prosjektsatsinga på entreprenørskap ved HiT 2014-2016. I 2014 blei studentføretak implementert som eit emne i bachelorgraden i kulturleing. Dette kan også bidra til fleire studentføretak ved HiT.

3.1.4 Sektormål 4: Forvaltning

Verksemdsmål 4.1:

Høgskolen i Telemark skal ha god strategisk styring og kompetanse- og ressursplanlegging som fremjar kvalitet og omstillingsevne.

Oppnåing og analyse (overordna for verksemdsmålet)

HiT meiner at dette verksemdsmålet må seiast å vere nådd. Høgskolen har eit gjennomgåande planverk som legg grunnlag for god langsiktig og strategisk styring. Styret vedtek planar med både eittårig og fleirårig perspektiv, og følgjer opp gjennomføringa av fastsette planar.

Høgskolen legg vekt på effektiv ressursbruk, og mange effektiviserings- og kvalitetshevingstiltak er både sette i verk og under planlegging. I 2014 er det m.a. gjennomført ein omfattande gjennomgang av kostnadene ved kvart enkelt av høgskolens studieprogram.

Høgskolen meiner at løyvinga i 2014 er disponert i samsvar med strategiske føringar og politiske styringssignal. Budsjett for 2014 har vore stramt. Budsjettprosessen for 2014 starta opp våren 2013. Plan- og budsjettseminar blei gjennomført i mai 2013. Der vart det lagt fram førebelse rammer for driftseiningane.

Etter framlegginga av Prop. 1 S (2013-2014) blei det utarbeidd eit fullstendig budsjettfordelingsframlegg som blei sendt på høyring til driftseiningane. Justert framlegg til budsjettfordeling for 2014 blei vedteke på styremøtet 19. desember 2013.

I 2014 vart hovudvekta lagt på kvalitet og på konsolidering av verksemda. Det blei ikkje sett i gang nye store strategiske tiltak. Resultat av den ordinære verksemda i 2014 blei eit mindreforbruk på 19,4 mill. kroner (2,8 %). Mindreforbruket er sett av i balansen som ei forplikting. Balanseførte avrekningar auka med dette frå 46,7 mill. kroner per 31.12.13 til 66,4 mill. kroner per 31.12.14. Akkumulerte avsetjingar på dette nivået er eit godt utgangspunkt for å realisere høgskolens ambisjonar og strategiar dei komande åra.

Tabell 7 syner utviklinga i avsetjingar for perioden 2007-2015 jf. Note 15 i rekneskapan (tal i mill. kroner).

Tabell 7: Utvikling i avsetjingar for perioden 2007 – 2014 jf. Note 15 i rekneskapan (beløp i NOK 1 000)

	31.12.07	31.12.08	31.12.09	31.12.10	31.12.11	31.12.12	31.12.13	31.12.14
Ordinær drift	19 631	19 290	35 269	46 082	47 953	40 804	31 606	46 615
Forskarutdanning	12 259	14 298	11 796	14 507	19 672	15 742	13 924	8 721
Investeringar	12 174	2 804	2 580	1 999	461	6 289	1 521	10 776
Delsum Kunnskapsdepartementet	44 064	36 392	49 645	62 588	68 086	62 835	47 052	66 112
Andre departement og statlege etatar		30						
Noregs forskingsråd	4 840	3 331	1 907	3 389	4 040	3 242		
Regionale forskingsfond					-287	-24		
Sum departement og statlege etatar	48 904	39 753	51 552	65 977	71 839	66 053	47 052	
Statsinterne feriepengeforpliktingar							-342	305
Sum avsett del av tilskot til statleg finansiert aktivitet	48 904	39 753	51 552	65 977	71 839	66 053	46 710	66 417

Høgskolen hadde per 01.01.14 ein verksemdskapital på 5,36 mill. kroner. Det eksterne resultatet for 2014 er -125 390 kroner. Medrekna resultatet frå 2014 er verksemdskapitalen på 5,24 mill. kroner per 01.01.15. I nye retningsliner for bidrags- og oppdragsfinansierte verksemd er det sett krav om at oppdragsprosjekt skal budsjetterast med 5 % overskot. Når det gjeld bidrags- og oppdragsfinansierte verksemd, blir det vist til verksemdsmål 3.2.

Styringsparametrar til verksemdsmål 4.1

- Prosentdel kostnader til løn av totale kostnader skal ikkje vere over 65 %.
- Akkumulert rekneskapsmessig mindreforbruk skal vere på same nivå per 31.12.14 som per 31.12.13.
- Areal per leigefinansierte student skal ikkje vere over 13 m².
- Begge kjønn skal vere representert i høgskolens leiarstillingar med minimum 40 %.

Ambisjonsnivå, resultat og analyse

Tabell 8: Resultat og mål for styringsparametrar til verksemdsmål 4.1

Styringsparametrar	Resultat			Ambisjonsnivå
	2012	2013	2014	2015
Prosentdel kostnader til løn av totale kostnader	65,6	65,1	66,6	65,0
Akkumulert rekneskapsmessig mindreforbruk	66,1	46,7	66,4	86,4
Areal per eigenfinansiert student	11,8	11,7	10,6	10,6
Begge kjønn skal vere representerte i høgskolens leiarstillingar med minimum 40 %	46 %	49 %	38 %	40 %

Korte kommentarar til kvar styringsparameter

a) *Prosentdel kostnader til løn av totale kostnader skal ikkje vere over 65 %.*

Prosentdel kostnader til løn av totale kostnader vart 66,6 %.

Utbetalinga til løn og sosiale kostnader er auka med kr 20 359 815 (4,8 %). Auken skuldast dels vekst i talet på årsverk og dels auke i premiesatsen til Statens pensjonskasse, jf. note 2 til årsrekneskapen. Refusjon av sjukepengar og andre ytingar kom på kr 14 044 368 i 2014 mot kr 12 581 906 i 2013. Refusjon av sjukeløn har auka med nærare 50 % frå innføringa av oppfølging via lønssystemet 01.05.13.

Andre driftskostnader er kr 212 806 276 mot kr 219 109 326 i 2013. Det er ein reduksjon på kr 6 303 050 (2,9 %). Reduksjonen skuldast at HiT i 2013 kostnadsførde kr 7 765 000 for ombygging av servicetorg på Notodden.

Utviklinga i kostnadene til løn i 2014 er normal. Derimot viser reduksjonen i andre driftskostnader at høgskolen har hatt eit veldig moderat forbruk i 2014. Dette er grunnen til at måлтаlet ikkje er nådd.

b) *Akkumulert rekneskapsmessig mindreforbruk skal vere på same nivå per 31.12.14 som per 31.12.13.*

Årsrekneskapen viser at resultatet av aktivitetane i 2014 er eit mindreforbruk på kr 19 402 489 (2,8 %). I rekneskapsåret 2013 hadde HiT eit meirforbruk på kr 19 001 090 (3,0 %). I årsplan og budsjett for 2014 var målet balanse mellom inntekter og kostnader i 2014, dvs. kr 0 i meir-/mindreforbruk.

Akkumulert mindreforbruk (avsetjing løyvingfinansiert aktivitet) er kr 66 417 361 per 31.12.14 mot kr 46 710 151 per 31.12.13. Dette er ein auke på kr 19 707 210 (42,2 %) i 2014. Akkumulert mindreforbruk per 31.12.14 er på same nivå som per 31.12.12.

Hovudårsaker til mindreforbruket er stram budsjettstyring gjennom året, og at det ikkje er sett i gang nye større strategiske satsingar av di prosessen fram mot mogleg fusjon med HBV er i gang. Det er ikkje sett i gang nye tiltak som følgje av nye midlar som har kome til i løpet av året. Ved fleire driftseiningar vart det sett i gang innsparingstiltak i 2013 som først har fått full effekt i 2014.

c) Areal per eigenfinansiert student skal ikkje vere over 13 m².

Hausten 2014 har høgskolen 6 637 eigenfinansierte studentar, opp frå 6 423 året før. Areal per eigenfinansiert student er 10,6 kvadratmeter per student.

d) Begge kjønn skal vere representert i høgskolens leiarstillingar med minimum 40 %.

Delen kvinner i leiarstillingar gjekk noko ned i 2014 basert på situasjonen på rapporteringstidspunktet. Kvinner er godt representerte i høgskolens instituttleiarstillingar (46 %), men prosentdelen er lågare i dei øvste leiarstillingane (22 %). Samla ligg prosentdelen kvinner i leiarstillingar nå noko under det målet som er sett.

Verksemdsmål 4.2:

Høgskolen i Telemark skal ha høg fagleg kvalitet med høgt kompetente medarbeidarar og sterke, robuste fagmiljø, som i aukande grad skal utviklast på tvers av organisatoriske skilje.

Oppnåing og analyse (overordna for verksemdsmålet).

Høgskolen legg i sin personalpolitikk vekt på kompetanse, arbeidsmiljø og likestilling mellom kjønna. Styret har m.a. vedteke ein handlingsplan for likestilling, og det er sett i verk ein handlingsplan for å auke delen vitenskapleg tilsette med første- og toppstillingskompetanse. Resultata for 2014 syner at prosentdelen kvinner i leiarstillingar har gått nok ned i 2014, og det er framleis ei utfordring å få ein betre balanse i dei øvste leiarstillingane. Det er ein viss auke i delen vitenskapleg tilsette med første- og toppkompetanse, og høgskolen nådde i 2014 sitt mål på dette området. Alle vakante faste stillingar blir nå lyste ut som første- eller toppstillingar, og det er sett i verk eit program for å kvalifisere tilsette til førstestillingsnivå. Delen mellombels tilsette er stabil, og er noko lågare enn snittet for sektoren.

Arbeidet med å skolere leiarar og faglege nøkkelpersonar er ført vidare i 2014. Det er sett i gang eit program i fagleg leing og forskingsleing for faglege leiarar og utvalde professorar og førsteamanuensar. Alle leiarar har fått opplæring i IA- og sjukefråværsarbeid.

Styringsparametrar til verksemdsmål 4.2

- a) Del førstestillingar av det totale talet på undervisnings-, forskings- og formidlingsstillingar (eksklusiv stipendiatar) skal vere minst 0,45.
- b) Del av kvinner i første- og toppstillingar (fast tilsette i årsverk) skal vere minst 0,33.

Ambisjonsnivå, resultat og analyse

Tabell 9: Resultat og mål for styringsparametrar til verksemdsmål 4.2

Styringsparametrar	Resultat			Ambisjonsnivå
	2012	2013	2014	2015
a) Del førstestillingar av det totale talet på undervisnings-, forskings- og formidlingsstillingar (eksklusiv stipendiatar)	0,42	0,43	0,45	0,47
b) Del av kvinner i første- og toppstillingar (fast tilsette i årsverk)	0,30	0,32	0,33*	0,33

*Inkluderer også mellombels tilsette.

Korte kommentarar til kvar styringsparameter

a) *Del førstestillingar av det totale talet på undervisnings-, forskings- og formidlingsstillingar (eksklusiv stipendiatar) skal vere minst 0,45.*

Som det går fram av tabellen over, har det vore auke i prosentdelen første- og toppstillingar av det totale talet på undervisnings-, forskings- og formidlingsstillingar i 2014, og resultatet er i tråd med den ambisjonen vi hadde ved inngangen av året. 45 % av årsverka i undervisnings-, forskings- og formidlingsstillingar er nå utførde av tilsette med første- eller toppkompetanse. Det er vedteke ein handlingsplan med konkrete tiltak knytte til rekruttering og intern kompetanseheving, som truleg vil gje resultat dei neste åra. Utfordringa ligg særleg innanfor profesjonsfaga på helse- og sosialfagområdet og innan lærarutdanningane. Høgskolen har sett i verk eit eige program for tilsette innanfor profesjonsfaga som er i kvalifiseringsløp for å skaffe seg førstestillingskompetanse. Ved utlysingar av faste stillingar søker ein i regelen etter personar med første- eller toppkompetanse.

b) *Del kvinner i første- og toppstillingar (fast tilsette i årsverk) skal vere minst 0,33.*

Høgskolen ser det som viktig å arbeide systematisk og strukturert for at prosentdelen kvinner i første- og toppstillingar framleis skal auke i åra som kjem. Ny handlingsplan for likestilling i høgskolen, som vart vedteke av styret i 2013, framhevar interne opprykk og rekruttering til faglege første- og toppstillingar og leiarstillingar som viktig. Likestilling blir vurdert ved tildeling av forskningstid og anna arbeidsplanlegging og ved opptak til førstelektorprogrammet. Tiltaka ser ut til å ha effekt, måla for 2014 er nådde, og arbeidet vil halde fram.

Verksemdsmål 4.3:

Høgskolen i Telemark skal drive effektiv tenesteproduksjon med høg kvalitet i alle ledd.

Oppnåing og analyse (overordna for verksemdsmålet)

Kvaliteten i økonomiforvaltninga er på eit tilfredsstillande nivå. HiT har ikkje fått vesentlege merknader frå Riksrevisjonen korkje i 2014 eller tidlegare år tilbake til 2003, etter overgangen til nytt rekneskapsprinsipp. Høgskolen gjennomfører jamlege interne økonomiforumsmøte der alle driftseiningane deltek med sikte på å betre økonomiforvaltninga. I tillegg har det vore arrangert egne fagdagar.

HiT set mykje inn på å ha god effektivitet og kvalitet i verksemda, og det blir vist til pkt. 4.5 når det gjeld både gjennomførde og planlagde tiltak for å betre effektivitet og kvalitet.

Styringsparametrar til verksemdsmål 4.3

a) *Høvetalet mellom vitenskapleg og administrativt tilsette skal vere 2,50.*

Ambisjonsnivå, resultat og analyse

Tabell 10: Resultat og mål for styringsparametrar til verksemdsmål 4.3

Styringsparametrar	Resultat			Ambisjonsnivå
	2012	2013	2014	2015
Høvetalet mellom vitenskapleg og administrativt tilsette	2,4	2,5	2,3	2,4

Korte kommentarar til kvar styringsparameter

a) *Høvetalet mellom vitenskapleg og administrativt tilsette skal vere 2,40.*

Som det kjem fram av tabellen, har høvetalet mellom vitenskapleg og administrativt tilsette gått noko ned i 2014. Ein liten nedgang i talet på vitenskapleg tilsette og ein liten auke i talet på administrativt tilsette forklarar endringa. Høgskolen vil følgje med på utviklinga i dette høvetalet for å sikre ein god og formålstenleg balanse mellom administrativt og vitenskapleg tilsette.

3.2 Nasjonale styringsparametrar for universitet og høgskolar

Av omsyn til vidare bruk av resultatinformasjonen på dei nasjonale styringsparametrane er desse rapporterte under eigne underoverskrifter.

3.2.1 Sektormål 1: Universitet og høgskolar skal gje utdanning av høg internasjonal kvalitet i samsvar med samfunnets behov

Nasjonale styringsparametrar til sektormål 1

a) *Gjennomføring på normert tid skal vere minst 51/28.*

b) *Del uteksaminerte kandidatar av dei som vart tekne opp på doktorgradsprogram seks år tidlegare.*

c) *Studentane skal lukkast med å oppnå læringsutbyttet som er definert for studieprogramma.*

Ambisjonsnivå, resultat og analyse

Tabell 11: Resultat og mål for nasjonale styringsparametrar til sektormål 1

Styringsparametrar	Resultat			Ambisjonsnivå
	2012	2013	2014	2015
a) Gjennomføring på normert tid*	48,5/25,3	51,6/28,0	51,3/21,3	52,0/28,0
b) Del uteksaminerte kandidatar tekne opp på doktorgradsprogram seks år tidlegare	-	-	-	80 %

*Gjennomføring bachelor/master (%).

Korte kommentarar til kvar styringsparameter

a) *Gjennomføring på normert tid skal vere minst 51/28.*

Høgskolen er nøgd med at delen av bachelorstudentar som gjennomførte på normert tid i 2014 er høgare enn målet. For masterstudentar viser tala ein nedgang. Definisjon her er svært streng, og m.a. kjem mastergradsstudentar i teknologi ikkje med fordi studentane ikkje fullfører før etter sommaren andre året.

b) *Del uteksaminerte kandidatar av dei som vart tekne opp på doktorgradsprogram seks år tidlegare.*

Ikkje relevant for HiT i 2014.

c) *Kvalitativ styringsparameter: Studentane skal lukkast med å oppnå læringsutbyttet som er definert for studieprogramma.*

HiT ser på denne styringsparameteren som grunnleggjande for alle utdanningar. For alt arbeid med studieprogram, læringsmiljø, kompetanseutvikling og kvalitetssikring må oppnådd læringsutbytte vere målet.

For den enkelte studenten vil graden av oppnådd læringsutbytte for fullført studieprogram bli målt ved karakterane på vitnemålet. Ser ein på høgskolen under eitt, må ein nytte samla tal sjølv om resultatane vil variere mellom studieprogram. Slik sett gjev fleire av dei kvantitative styringsparametrane indikasjonar knytte til oppnådd læringsutbytte, for eksempel studiepoengproduksjon, kandidatproduksjon, gjennomstrøyming m.v.

Brukarundersøkingar og alumniordningar vil ytterlegare kunne måle og dokumentere oppnådd læringsutbytte, både individuelt og akkumulert på institusjonsnivå. Slike er per i dag ikkje etablerte på ein systematisk måte ved HiT.

3.2.2 Sektormål 2: Universitet og høgskolar skal i tråd med sin eigenart utføre forskning, kunstnarleg og fagleg utviklingsarbeid av høg internasjonal kvalitet

Nasjonale styringsparametrar til sektormål 2

a) Resultatoppnåing på forskning ut frå institusjonens eigenart

b) Samspel mellom forskning og utdanning

c) Forskingsinnsats i MNT-fag og profesjonsfag

Korte kommentarar til kvar styringsparameter

a) Resultatoppnåing i forskning i høve til høgskolens eigenart.

Forskingsinnsatsen til HiT, og resultatane, heng saman med institusjonens fagprofil generelt, ved at forskingsverksemda ligg innanfor dei fagområda der ein har studietilbod. Samstundes er forskingsverksemda med på å definere og utvikle fagprofilen. Høgskolen har utvikla doktorgradsprogram innanfor områda teknologi, økologi og kultur. Ein er derfor oppteken av at talet på stipendiatar, talet på avlagde doktorgradar og profilen på publiseringane speglar denne satsinga. Vidare skal høgskolen prioritere tverrfagleg og praksisnær forskning som stø opp under institusjonens utdanningsprofil, m.a. med store profesjonsutdanningar. For å sikre god rekruttering til eigne faglege satsingsområde, er det viktig med stabil rekruttering frå eigne mastergradsutdanningar.

Høgskolen har i 2014 øymerkt ca. 15 mill. kroner til dei 3 doktorgradsprogramma. Desse midlane skal dels gå til undervisning og rettleiing, og dels til forskning innanfor doktorgradsområda. Vidare har høgskolen totalt finansiert 11 stipendiatar av eigne midlar (i tillegg til dei 24 frå departementet). Desse har i hovudsak gått til å styrkje rekrutteringa til dei 3 doktorgradsprogramma. I 2013 hadde HiT 48 stipendiatar på eigne program, og talet auka til 59 stipendiatar i 2014.

b) Samspel mellom forskning og utdanning

Det er viktig at HiTs utdanning og forskning styrkjer kvarandre gjensidig. Forskingsinnsatsen bør i stor grad knytast opp mot område som står sentralt i høgskolens studieprogram. Nærkontakt mellom eiga forskning og eigne studieprogram er eit ideal for høgskolen, og slik nærkontakt gjer at høgskolen òg vil kunne rekruttere studentar frå HiT til eigne master- og doktorgradsprogram. Det er i dag mogleg å gå vidare til eitt av dei tre doktorgradsprogramma frå alle høgskolens mastergradsprogram, sjølv om somme sjølv sagt har ein meir direkte samanheng enn andre.

Konkret inneber denne ambisjonen at dei tilsette i størst mogleg grad skal integrere eiga forskning i undervisninga, og at dei òg bør invitere studentar på alle nivå med som deltakarar i FoU-arbeid. Vidare vil fleire første- og toppstillingar gje sterkare forskingsbasert undervisning.

Høgskolen har mange profesjonsutdanningar som står nær praksisfeltet og ofte har ei tverrfagleg tilnærming. Dette bør implisere forskning som tek utgangspunkt i og belyser eitt eller fleire praksisfelt, og som i neste omgang undersøker og analyserer desse felta med eit tverrfagleg blikk.

Høgskolen ser at både økologi-, teknologi- og kulturdoktorgraden rekrutterer studentar frå høgskolens eigne mastergradsstudium. HiT legg òg vekt på at det skal vere konkurranse om stipendiatstillingane som blir lyste ut, slik at HiT skal tiltrekkje seg gode kandidatar frå inn- og utland. Spesielt til doktorgradsprogramma i økologi- og teknologi har høgskolen hatt stor søking frå internasjonale studentar.

c) Forskingsinnsats i MNT-fag og profesjonsfag

Høgskolen har dei siste åra øyremerkt mellom 7 og 8 mill. kroner til teknologidoktorgraden. I tillegg mange av stipendiatstillingane øyremerkte til teknologifaga.

HiT har gjort betydelege investeringar i forskingsfasilitetar ved ingeniørutdanningane. Innan teknologiske fag er det seks laboratorium og ein prosesshall som vert nytta til undervisning og forskning. Det er laboratorium knytte til CO₂-forskning, biogass, vatnbehandling, termalanalyse, kjemisk analyse, og eksplosjonar og tryggjeleik. I tillegg til innkjøp frå ordinært budsjett er ein del utstyr kjøpt inn på midlar frå prosjekt, og ein del er eigd av eksterne institusjonar som også står for drifta av det. M.a. er mykje utstyr eigd av Tel-Tek.

I sum har forskingsinnsatsen på Fakultet for teknologiske fag ført til stabil og høg publisering på dette fakultetet, og klart høgare enn ved dei tre andre fakulteta.

HiT har også eit sterkt tverrfagleg naturvitskapleg miljø ved Fakultet for allmennvitskaplege fag (AF). Dette miljøet er samla på Institutt for natur-, helse- og miljøvern (INHM). Her har HiT i også bygd opp ein doktorgrad i økologi, der institusjonen har gått inn med ca. 3 millionar per år sidan starten i 2012. I tillegg har økologimiljøet fått eit betydeleg tal stipendiatar. Til slutt vil vi nemne at HiT også her har investert i forskingsfasilitetar; ved INHM er det fem laboratorium i tillegg til undervisningslaboratorium.

Når det gjeld forskingsinnsats i profesjonsfag, har HiT primært freista å løfte desse miljøa ved å tildele ein del stipendiatstillingar. I tillegg har høgskolen støtta etableringa av to forskingssenter – «Senter for omsorgsforskning» og «Senter for profesjonalisering».

Sentra skal fungere som fyrtårn for å gjere omgjevningane merksame på at HiT har relevant og ettertrakta kompetanse på desse områda. Dei skal såleis nyttast som eit strategisk verkemiddel for å få oppdrag frå Forskringsrådet, frå kommunar og frå private aktørar.

Senter for omsorgsforskning - Sør er eitt av i alt fem regionale senter for omsorgsforskning oppretta av Helse- og omsorgsdepartementet. Målsetjinga med desse er å styrkje praksisnær forskning i den kommunale helse- og omsorgstenesta. Senteret er etablert som eit samarbeid mellom Universitetet i Agder og Høgskolen i Telemark.

Nedslagsfeltet til senteret er fylka Vest-Agder, Aust-Agder, Telemark, Vestfold og Buskerud – med i alt 83 kommunar.

Senter for profesjonalisering starta som eit samarbeidsprosjekt på EFL mellom rettleiarteamet, praksisavdelinga, fakultetets etter- og vidareutdanningsavdeling og fagleg koordinator ved førskolelærareininga. Intensjonane var å betre samarbeidet mellom fagpersonar ved fakultetet, betre samarbeidet med praksisfeltet og ikkje minst synleggjere fakultets faglege arbeid. Hovudintensjonen med arbeidet i senteret er å bidra til profesjonalisering i utdanning og i yrke. I arbeidet med profesjonalisering er rettleiing ein hovudarbeidsmåte. Rettleiing vert nytta for å omforme og personleggjere teoretisk kunnskap, for å bli medveten om haldningar og verdiar, for å utforske alternative handlingsmåtar og for å stø personleg og kollektiv læring. Senterets målsetjing er å setje fokus på rettleiing som fagområde, som forskingsområde og som arbeidsform i utdanning og i yrke.

3.2.3 Sektormål 3: Universitet og høgskolar skal vere tydelege samfunnsaktørar og bidra til formidling, internasjonal og regional utvikling, innovasjon og verdiskaping

Nasjonale styringsparametrar til sektormål 3

a) *Del inntekter frå bidrags- og oppdragsfinansiert verksemd (BOA), utanom forskingsfinansiering frå NFR og EU, skal vere minst 3 %.*

b) *Samarbeid med samfunns- og arbeidsliv.*

c) *Fleksibel utdanning.*

Ambisjonsnivå, resultat og analyse

Tabell 12: Resultat og mål for nasjonale styringsparametrar til sektormål 3

Styringsparametrar	Resultat			Ambisjonsnivå
	2012	2013	2014	2015
a) Del inntekter frå bidrags- og oppdragsfinansiert verksemd (BOA), utanom forskingsfinansiering frå NFR og EU	4,0 % (30,8 mill. kr)	4,8, % (31,0 mill. kr)	5,9 % (40,9 mill. kr)	5,8 % (42,3 mill. kr)

Korte kommentarar til kvar styringsparameter

a) *Del inntekter frå bidrags- og oppdragsfinansiert verksemd (BOA), utanom forskingsfinansiering frå NFR og EU, skal vere minst 3 %.*

Del inntekter frå BOA utanom forskingsfinansiering frå NFR og EU har auka frå 4,8% til 5,9% (om lag 10 mill.), noko som er godt over målsetjinga. Dette skuldast i hovudsak auka tilskot frå Utdanningsdirektoratet (ca. 7,4 mill. kroner) til mellom anna Arbeidsplassbasert barnehagelærerutdanning (ABLU) og andre vidareutdanningar og auka tilskot frå privat næringsliv (1,8 mill. kroner).

b) *Samarbeid med samfunns- og arbeidsliv.*

HiT har eit breitt samarbeid med samfunns- og arbeidsliv om utdanning, forskning og formidling.

Innanfor utdanning er det samarbeid om praksisplassar og bedriftsbesøk for studentar, prosjektoppgåver (bachelor, master og ph.d.), gjesteførelasar og EVU-tilbod. I tillegg vert det gjennomført karrieredagar kor bedrifter blir inviterte til å marknadsføre seg sjølve for studentane.

Forskingssamarbeid med samfunns- og arbeidsliv har auka noko dei siste åra, og leiinga ved HiT har initiert ein del tiltak for å styrkje eksternt FoU-samarbeid ytterlegare.

HiT legg også til rette for ein del faste årlege møte- og formidlingsarenaer. Døme på slike arenaer er Forskingsdagane, Forskar grand prix, konferansen «Kulturrikets tilstand», «Vinterfestivalen» (internasjonal folkemusikkfestival), «Porsgrunnskonferansen» (kultur og psykisk helse) og samarbeid med Litteraturhuset i Skien om forskingsforedrag. I tillegg bidreg HiT inn i ein del regionale satsingar som m.a. Gründeruka (breitt samarbeid mellom næringssselskap, Telemark fylkeskommune og Innovasjon Norge om å motivere til gründarskap) og utvikling av ny Folkehelsestrategi for Telemark.

Om Råd for samarbeid med arbeidslivet

I samband med at HiT i perioden 2012-2014 gjennomførte ei felles utgreiing saman med Universitetet i Agder om moglegheitene for tettare samarbeid og eventuell fusjon, etablerte institusjonane eit felles RSA. I mai 2014 blei det gjennomført eit møte i dette organet, der temaet var felles moglegheiter for samarbeid innanfor aktuelle fagområde og orientering om sluttrapporten frå det nemnde utgreiingsarbeidet. Sommaren 2014 stemte styra for dei to institusjonane nei til fusjon, og det felles RSA'et blei ikkje vidareført etter dette. Nå er HiT i dialog med Høgskolen i Buskerud og Vestfold om ein eventuell fusjon, og samarbeid om RSA vil vere eit tema i denne utgreiinga.

Om samarbeid med dei regionale helseføretaka

HiT har samarbeid med fleire helseføretak om utdanning og/eller forskning. I Helse Sør-Øst (RHF) deltar HiT med ein representant i eit koordinatorforum for praksisutveksling og rettleiing. I 2014 tildelte HiT praksismidlar til prosjektet «Ny organisering av kliniske studium: Korleis kan ei ny organisasjonsform styrkje læringsprosessar for sjukepleiestudentar i kliniske studium i spesialisthelsetenesta?», som er eit samarbeid med Sjukehuset Telemark. Røynslene med samarbeidet med helseføretaka er at det er ei felles utfordring å leggje til rette nok praksisplassar og god nok rettleiing for studentane HiT ønskjer derfor eit sterkare og meir formalisert samarbeid.

HiT samarbeider også med Sjukehuset Telemark om eit større forskingsprosjekt om kosthald, fysisk aktivitet, psykisk helse og vektutvikling blant barn og ungdom i Telemark. Høgskolen har også eit samarbeid om genetiske undersøkingar på sjukeleg overvektige, og er involvert i eit prosjekt som omhandlar «Friluftsliv for ME-pasientar». Saman med Sykehuset Vestfold har HiT ein felles stipendiat som ser på sjukeleg overvekt, trening og gener, og det er samarbeid med Ullevål Universitetssykehus om felles faglege ressursar og ulike forskingsprosjekt, både på master- og ph.d.-nivå innan genetikk og bioinformatikk. HiT samarbeider også med forskingsinstituttet ved Modum Bad, der ein av HiTs tilsette har ei 20% bistilling og arbeider med prosjekt som m.a. gjeld spiseforstyringar og fysisk aktivitet.

Nedanfor følgjer oversyn over eit utval samarbeidsrelasjonar som HiT har inngått eller utvikla i løpet av 2014, og som viser både breidd og omfang i den ekstern verksemda.

HiT har:

- Vore med på å utvikle ein partnerskap for karriererettleiing i Telemark. Målsetjinga er å utvikle strategiar som skal gje betre koordinering, samordning av tiltak og vidareutvikling på dette feltet. Partnerskapen består av NAV Telemark, Telemark fylkeskommune, Høgskolen i Telemark, LO Telemark, NHO Telemark og KS Telemark.
- Inngått ei samarbeidsavtale med Statped sørøst. Formålet med samarbeidet er å medverke til at studia i pedagogikk/spesialpedagogikk er forankra i praksisfeltet, gje studentane god innsikt i korleis dei spesialpedagogiske tenestene fungerer, medverke til at institusjonane i fellesskap kan utvikle ny kunnskap og formidle kunnskapen til relevante fagmiljø, og bidra til å utvikle og gjennomføre felles FoU-prosjekt på det spesialpedagogiske/ pedagogiske området.
- Inngått ei samarbeidsavtale med Studiesenteret.no og knytt HiT til ei rad studiesentra over heile landet for å medverke til desentralisert utdanning, i første rekkje innan GLU og BLU.
- Inngått eit samarbeidsprosjekt med høgskolane i Oslo og Akershus, Sør-Trøndelag og Lillehammer, barnevernstenesta, Forandringsfabrikken og BarnevernsProffene. Målet er å utvikle utdanningsprogramma slik at studentane kan få betre tverrfagleg brukarretta kompetanse innanfor sosialfagstudia.
- Deltar i det regionalt baserte paraplyprosjektet «Ung i Telemark» som består av enkeltstudiar og samanlikningar av lokalsamfunn. HiT bidrar med analysar av UNGdata-undersøkingane og har utført utdjupande analysar av materialet frå tre Telemarkskommunar: Drangedal, Porsgrunn og Kragerø. I tillegg vert materiale frå dei same kommunane nytta i ulike FoU-prosjekt innanfor fakultetets satsingsområde og masterstudiet «Fleirkulturelt førebyggjande arbeid med barn og unge».
- Underteikna ei samarbeidsavtale med Hallingdalskommunane (Ål, Gol, Hemsedal og Nes) om fleksibel bachelorgradsutdanning i vernepleie. Studentane har praksis ved eigen arbeidsplass og på andre stader i kommunane.
- Starta opp arbeidet med å utvikle eit praksisemne i studieretning Bygg for å auke mobiliteten mellom arbeidsliv, studentar og academia. Studentane vil her få høve til å ha praksis ute hos bedrifter og arbeide med prosjekt som har fagleg tilknytning til studiet. Bedriftene har rolle som mentorar og rettleiarar.
- Utvikla ein nettbasert deltidsmaster innanfor teknologi. Frå hausten 2015 kan HiT tilby sitt godt etablerte masterprogram i Systems and Control Engineering på nett. Ein kan ta hovuddelen av studiet heimanfrå eller frå eigen arbeidsplass.
- Etablert eit fagleg samarbeid med Agroplas/Standard BIO om søknad om nærings-ph.d., knytt opp mot trelastbransjen og ulike produkt, og bidrag til å løyse avfallsproblematikk. Telemarksbruket er ein aktuelle aktør inn her. Samarbeidet vil omfatte forskarutdanning, innovasjon, internasjonalisering og undervisning gjennom eksternt finansierte 2-arstillingar.
- Utvikla samarbeid mellom Telemark Fylkeskommune, Rjukan vgs, Villreinsenteret og HiT om studiepoenggjevande emne for landsline i naturretteiing. Planlagt start haust 2015.

- Etablert samarbeid mellom kulturstudia ved HiT og Slottsfestivalen i Tønsberg. Praksis for studentar gjev relevant erfaring og studiepoeng.
- Formidla Telemarks historie gjennom eit tre-bindsverk, der HiT hadde prosjektansvaret. HiT la til rette for ei storstilt lansering av historieverket i oktober 2014 i samarbeid med Telemark fylkeskommune. Det var også eit godt samarbeid med Telemark Museum, Galleri Lysbuen på Notodden og Grenland Friteater.
- Utvikla treningsprogram for politikarar på Stortinget. Prosjektet blei presentert m.a. på NRKs program PULS i januar 2015.
- Innleidd eit samarbeid med ABB, SINTEF og NTNU om forskning på strømbryting i luftisolerte lastbrytarar for mellomspenning. Prosjektet er finansiert av ABB og NFR.
- Starta opp eit forskingsprosjekt på miljøteknologi for industriavløp saman med Tel-Tek, Biowater Technology og Norsk Spesialolje. Prosjektet har ei totalramme på 7 mill. kroner, og har fått halvparten av støtta gjennom Oslofjordfondet.

c) Fleksibel utdanning.

HiT har som strategi å vere blant dei beste i Noreg når det gjeld bruk av teknologi innanfor verksemda sine kjerneområde, med spesiell vekt på undervisning. HiT har i meir enn 10 år tilbode fleksible nettstøtta studium. I 2013 starta HiT prosjektet e@HiT for å styrkje denne satsinga. e@HiT er eit 3-årig prosjekt der ein både ønskjer å utvikle den tekniske infrastrukturen og å auke kunnskapen om og bruken av undervisningsmetodar og teknologi i heile organisasjonen.

Nett- og samlingsbaserte kurs

HiT har bygd opp ein stor studieportefølje på nett, både enkeltemne og heile studieprogram. Dette er både bachelor-, master- og vidareutdanningar. Studietilboda som er retta mot skole og barnehage, er i hovudsak synkrone nettstudium. Innan sjukepleie og vernepleie er det tilbod om fleksible og delvis nettbaserte studieprogram og vidareutdanning. I tillegg vert det tilbode årseiningar innan historie, norsk, engelsk, informasjonsbehandling og naturfag.

HiT har blitt tildelt prosjektmidlar frå Noregsuniversitet til å etablere eit mastergradsstudium innanfor ingeniørfag. Dette tilbodet blei utvikla i 2014 og første opptak skjer i 2015.

Opptak og produksjon av læringsressursar

HiT gjer opptak av utvalde førelesingar. HiT har i 2014 sett opp ein eigen mediaserver, Radix, for å lagre dette materialet og gjere det tilgjengeleg. Studentane har tilgang frå Fronter, og opptaka er retta mot intern bruk. I tillegg blir det produsert diverse undervisningsvideoar. Biblioteket har òg laga opplæringsvideoar. Det er produsert fleire digitale læringsressursar i 2014 til bruk m.a. i kombinasjon med "Flipped classroom". Det er også gjennomført opplæring av tilsette.

Korleis arbeidet med fleksibel utdanning er nedfelt i HiTs styringsdokument og korleis dette blir følgd opp

Arbeidet med fleksibel utdanning er nedfelt i HiTs strategiske plan. Det er etablert eit e-læringsnettverk med representantar frå fakulteta, IT og bibliotek. Nettverket blir koordinert av Utdanningsseksjonen. Det overordna formålet er å medverke til auka bruk av IKT i undervisning og læring, både for campusbaserte og nettbaserte utdanningstilbod.

Deltaking i eCampus

HiT hadde ein deltakar med i prosjektgruppa som arbeidde med felles løysing for nettmøte/nettundervisning. HiT er brukar av både Adobe Connect og Nefsis. I tillegg nyttar ein m.a. Camtasia Relay til å produsere digitale læringsressursar.

3.2.4 Sektormål 4: Universitet og høgskolar skal ha ei effektiv forvaltning av verksemda, kompetansen og ressursane i samsvar med si samfunnsrolle

Nasjonale styringsparametrar til sektormål 4

a) Del mellombels tilsette skal ikkje vere over 0,24.

b) Langsiktig økonomisk planlegging.

c) Del kvinner i dosent- og professorstillingar skal vere minst 0,20

d) Robuste fagmiljø.

Ambisjonsnivå, resultat og analyse

Tabell 13: Resultat og mål for nasjonale styringsparametrar til sektormål 4

Styringsparametrar	Resultat			Ambisjonsnivå
	2012	2013	2014	2015
a) Del mellombels tilsette	0,24	0,26	0,26	0,26
b) Del kvinner i dosent- og professorstillingar	0,24	0,19	0,18	0,20

Korte kommentarar til kvar styringsparameter

a) Del mellombels tilsette skal ikkje vere over 0,24.

Tabell 14 viser utvikling i prosentdel mellombels tilsette ved HiT.

Tabell 14: Utvikling i prosentdel mellombels tilsette 2011 - 2014

	2011	2012	2013	2014
Saksbehandlar- og utgreiingsstillingar - alle	5,9	8,3	9	10
Støttestillingar til undervisning (ingeniør og bibliotek)	5,3	4,7	10	9
Undervisnings- og forskarstillingar	17,0	15,6	18	18

Stipendiatane er ikkje inkluderte i undervisnings- og forskarstillingar i tabellen.

Høgskolen har dei siste åra vore oppteken av talet på mellombels tilsette. I sektoren er det mange ulike heimlar for å tilsetje mellombels, og i nokre kategoriar er det ønskjeleg med ein auke (t.d. stipendiatar). Talet på mellombels tilsette totalt er stabilt frå 2013 til 2014, og ligg på nærare 26 %. Det er ein liten reduksjon i timelærar- og vikarbruk, og ein liten auke i kategorien «andre mellombelse stillingar». Gjennom betre personalplanlegging freistar høgskolen kontinuerleg å få ned bruken av mellombels tilsette slik at måлтаlet blir nådd.

b) Langsiktig økonomisk planlegging.

I 2008 innførte høgskolen ei ordning med langtidsbudsjett. Det har eit 5-års-perspektiv, og blir rullert kvart år. Innanfor økonomiregelverket kan ikkje budsjett for ein langtidsperiode vere bindande, men det gjev likevel høve til meir langsiktig planlegging. Det skal m.a. medverke til å gje høgskolen;

- eit grunnlag for langsiktige prioriteringar, og kunnskap om kva dei vil innebere økonomisk, og
- eit grunnlag for å vurdere status for opptrappingsplanen for universitetsatsinga og realismen i den vidare satsinga basert på økonomiske analysar.

I langtidsbudsjettet for 2016 – 2020, som blei vedteke i desember 2014, er det gjort spesielle vurderingar av venta inntekter frå KD, universitetsatsinga, og planlagde utbyggings- og ombyggingstiltak.

HiT ventar at studiepoengproduksjonen nå vil ha lågare vekst og utflating frå 2016. Svakt aukande studenttal ligg til grunn for prognosen.

I den langsiktige økonomiske planlegginga ser høgskolen det som sentralt at studieporteføljen er økonomisk berekraftig over tid. Høgskolen har utarbeidd ein eigen økonomisk modell for kostnadsberekning av studieprogramma. I 2014 er det ferdigstilt ein gjennomgang av kostnader og inntekter fordelt på det enkelte studieprogrammet. Det er eit mål å gjere dette regelmessig.

Ei slik overvaking vil kunne gje betre grunnlag m.a. for å vurdere etableringar og nedleggingar av studieprogram og tiltak for å betre lønsemda i studieprogramma (reduksjon av kostnader, marknadsføringstiltak for å auke rekrutteringa m.v.). I tillegg til økonomidata skal ein sjølv sagt òg nytte andre indikatorar i slike vurderingar, som søkjar- og studenttal, studiepoengproduksjon og anna.

Høgskolen har sett i gang fleire nybyggings- og ombyggingsprosjekt. Dei store prosjekta kan anten finansierast over husleiga eller gjennom direkte utbetaling i det året prosjektet blir ferdigstilt. I langtidsperioden er husleiga lagt på eit stabilt nivå, men det er teke høgd for årlege avsetjingar på rundt 5,0 mill. kroner til ut- og ombyggingar.

c) Del kvinner i dosent- og professorstillingar skal vere minst 0,20.

Delen kvinner i første- og toppstillingar syner ei fortsatt auke og ligg nå på 33 %. Når det gjeld dosent- og professorstillingar har delen kvinner gått noko ned det siste året (eitt prosentpoeng). Det er etter måten få slike stillingar, og det er grunn til å tru at det er tale om tilfeldige variasjonar.

d) Robuste fagmiljø.

Omgrepet ”robuste fagmiljø” har ingen absolutt og eintydig definisjon. Men eit viktig kriterium vil vere i kva grad ein fyller akkrediteringskrava frå NOKUT for master- og doktorgradsområda. Analysen av kompetanse- og stillingsprofilen knytt til alle høgskolens studieprogram opp mot NOKUT-krava vil bli gjennomført i 2015.

Vidare vil HiT til kvar tid følge opp dei sentrale evalueringane av profesjonsutdanningane, som oftast går grundig inn på ei vurdering av styrkar og veikskapar ved fagmiljøa.

Høgskolen har signert EUs Charter and Code dokument, og fekk i mai 2014 EU-kommisjonens godkjenning til å bruke logoen HR-excellence in research, det vil seia at institusjonen vart sertifisert i samsvar med krava i Charter & Code. Arbeidet med å gjennomføre den vedtekne tiltaksplanen er sett i gang.

Handlingsplanen for å heve delen vitskapleg tilsette med første- og toppkompetanse, som vart vedteken i 2012, vil bli følgd opp vidare.

I 2013 vart det teke initiativ til å etablere forskingsgrupper på tvers av organisasjonsgrensene i HiT. Desse gruppene er tenkt å styrkje faglege nettverk og forskning ved høgskolen, og vil såleis vere eit bidrag til meir robuste fagmiljø. Det er nå etablert 12 slike grupper, og det er starta opp eit program for leiarane av desse gruppene med særleg vekt på forskingsleing.

3.3 Samfunns- og effektmål for byggjeprojekt

Våren 2014 sto nytt auditorium, ny kafé og utvida bibliotek ferdig. Tre av effektmåla blei nådde da bygga sto ferdige, og romma fungerer svært bra. Det siste effektmålet, studentanes evaluering av det fysiske læringsmiljøet og samfunnsmåla, kjem høgskolen attende til i 2016.

3.4 Samarbeid, arbeidsdeling og konsentrasjon (SAK)

Samarbeidet mellom UiA og HiT. Tildeling kr 2 000 000

HiT starta i 2011 opp eit samarbeidsprosjekt med UiA. Hovudmålet med prosjektet var å greie ut grunnlaget for nærare institusjonelt samarbeid eller fusjon. Som ein del av prosessen blei det sett i gang om lag 60 administrative og faglege samarbeidsprosjekt som det også blei tildelt midlar til. Dette var innanfor områda biologi/økologi, helse- og sosialfag, humaniora, idrett, friluftsliv og kroppsøving, kunstfag, pedagogikk, teknologi og administrasjon og støttetjenester. I tillegg blei det tildelt midlar til fag- og utgreiingsgrupper. Dei fleste prosjekta er avslutta, men enkelte held framleis på.

Institusjonane sette av eigne midlar til desse prosjekta i tillegg til SAK-midlar frå departementet. I 2013 og 2014 blei det frå HiTs side løyvd til saman 4 mill. kroner. Midlane frå departementet er nytta fullt ut til utgreiingane og samarbeidsprosjekta. Som kjent sa styra nei til fusjon i juni 2014, men utgreiingane har likevel ført med seg auka samarbeid med UiA når det gjeld forskning, undervisning og administrasjon. HiT og UiA har i dag m.a. samarbeid når det gjeld digital eksamen, forskarskole og intranett. Faglege samarbeidsprosjekt er til dømes:

- ein felles mastergrad i akvatisk økologi
- Centre for Coastal Research

Mitt liv høgskolen. Tildeling kr 100 000

Dette er eit samarbeidsprosjekt mellom HiT, Høgskolen i Oslo og Akershus, Høgskolen i Sør-Trøndelag, Høgskolen i Lillehammer og Mitt Liv barnevernstenester knytt til kvar av studiestadene. I tillegg er Forandringsfabrikken og BarnevernsProffene partnarar i prosjektet, dette for å sikre at brukarane blir høyrde allereie i utdanninga. Målet er å utvikle utdanningsprogramma slik at studentane kan få ein betre brukarretta kompetanse ved at brukarane sine røynsler og råd blir inkluderte i undervisninga. Ein vil og utvikle faglege felleselement på tvers av sosialfagutdanningane ved å samarbeide med grunnutdanningane på ein institusjon og mellom institusjonar. På denne bakgrunnen er dette eit pilotprosjekt. Det har vore gjennomført to møte i Oslo, og prosjektet vil halde fram ut august 2015.

Samarbeidstrianglet. Tildeling kr 600 000

Prosjektet gjeld praksisfelt bachelor barnevern og bachelor vernepleie. Prosjektet blei avslutta i desember 2014 og rapport blei send 3. februar 2015. Bakgrunnen var behovet for auka tverrfagleg samarbeid mellom studieprogram og praksisfelt, og for auka og gjensidig forståing på tvers av profesjonar. Praksisfeltets forventningar og kunnskap om nyutdanna i praksis skulle synleggjerast og aktualiserast i arbeidet med tverrfagleg samarbeid i studieprogramma. Det endelege resultatmålet var ein plan for tverrfagleg samarbeid med praksisfeltet i begge studieløpa. Det bli jobba vidare med for å få implementert arbeidet i fagplanane. Det vises til rapporten for ytterlegare detaljer.

3.5 Midlar tildelte over kap. 281

HiT fekk i 2014 to tildelingar over kap. 281:

- *Statsbudsjettet for 2014 kap. 260 – Tildelingsbrev for Høgskolen i Telemark av 20.12.14, kr 2 000 000 til vitenskapleg utstyr innanfor ingeniør- og teknologiutdanninga.*
- *Supplerande tildelingsbrev – statsbudsjettet 2014 – kap. 281 post 01 – styrking av kapasitet i UH-sektorens etter- og vidareutdanningstilbod for lærarar, prosjekt 81404 av 22.04.14, kr 2 000 000.*

Det vert stadfesta at tildelingar over kap. 281 er disponerte i samsvar med føringane i tildelingsbrev.

HIT har stor aktivitet og gode resultat når det gjeld etter- og vidareutdanning av lærarar. Måla for aktiviteten er nådde.

Del IV: Styring og kontroll i verksemda

4.1 Overordna vurdering

Styret er høgaste organ ved HiT og har ansvar for at høgskolen vert driven i samsvar med gjeldande reglar og rammeverk.

Styret meiner HiT har gode system for intern kontroll og ein bedriftskultur som medverkar til at ressursane blir utnytta effektivt, at mål blir realiserte og at lovar og regelverk blir etterlevde.

Økonomiforvaltninga ved HiT følgjer *Reglement for økonomistyring i Staten* og Finansdepartementets *Bestemmelser om økonomistyring i staten* med dei tillegg og presiseringar som følgjer av *Hovedinstruks fra Kunnskapsdepartementet om økonomiforvaltningen ved statlige universiteter og høgskoler*.

Mål- og resultatstyring er gjeldande styringsprinsipp ved høgskolen. Det vert stadfesta at verksemda gjennomfører systematiske risikovurderingar som ein integrert del av planprosessane.

HiT har ikkje fått vesentlege merknader frå Riksrevisjonen korkje i 2014 eller tidlegare år tilbake til 2003, etter overgangen til nytt rekneskapsprinsipp.

4.2 Likestilling, diskriminering og tilgjengelegheit

Tabell 15 under viser kjønnsbalansen totalt i institusjonen og på fakultetsnivå fordelt på stillingskategoriar:

Tabell 15: Kjønnsbalansen totalt i institusjonen og på fakultetsnivå

Stillingsgrupper	2012		2013		2014	
	Årsverk totalt	% kvinner	Årsverk totalt	% kvinner	Årsverk totalt	% kvinner
Administrative stillingar	152,8	70	150,8	69	156,8	67
Andre stillingar (lærlingar)	5	60	4	-	7	14
Drifts- og vedlikehaldsstillingar	18,2	58	16,7	54	17,5	57
Støttestillingar for undervisning	47,3	32	47	28	48	30
Undervisnings-, forskings- og formidlingsstillingar	375,8	48	384,9	50	377,4	49
Totalt	599,1	53	603,4	53	606,6	52
Driftseiningar						
Fakultet for allmennvitenskaplege fag	137,3	40	135,3	40	142,5	38
Fakultet for estetiske fag, folkekultur og lærarutdanning	172,7	62	180,2	64	164,4	63
Fakultet for helse- og sosialfag	85,6	78	90,6	76	90,4	77
Fakultet for teknologiske fag	87	24	80,6	22	84,1	24

Biblioteket	17,5	81	17	79	17,7	83
Driftstenesta	35,5	61	32,8	56	34,8	53
Fellesadministrasjonen	41,4	66	42	67	45,1	66
IT-tenesta	22,1	14	26,1	10	27,6	11
Totalt	599,1	53	603,4	53	606,6	52

Faktiske årsverk og del kvinner i prosent per 01.10.14.

Talet på administrative stillingar femner om kontorstillingar, saksbehandlarstillingar og leiarstillingar. I talet på drifts- og vedlikehaldsstillingar er reinhalds- og vaktmeisterstillingar med. Støttestillingar for undervisning er ingeniørstillingar og bibliotekstillingar. Undervisnings-, forskings- og formidlingsstillingar (UFF) omfattar alle vitenskapleg tilsette inkl. rekrutteringsstillingane. Andre stillingar gjeld for tida berre lærlingar.

Den totale prosentdelen kvinner ved høgskolen har gått noko ned frå 2013 til 2014. Dette skuldast fleire små endringar på fleire driftseiningar. Tabell 15 viser og at det er skeiv kjønnsfordeling ved nokre driftseiningar og fakultet.

Tabell 16 under viser gjennomsnittsløn totalt og i ulike stillingsgrupper:

Tabell 16: Gjennomsnittsløn totalt og i ulike stillingsgrupper

	Kvinner	Menn	Totalt	Løn kvinner i % av menn	
				2013	2014
Alle tilsette				91	92
Undervisnings- og forskingspersonale				94	93
Teknisk-administrativt personale				89	91
Leiarstillingar				88	91
Professor				98	97
Førsteamanuensis				101	100
Førstelektor				99	98
Høgskolelektor				98	97
Saksbehandlarar				91	91
Bibliotekstillingar				97	97
Ingeniørstillingar				101	100
Reinhald/drift				92	95

Gjennomsnittsløn for kvinner og menn i eit utval stillingsgrupper per 01.10.14.

For undervisnings- og forskingspersonalet totalt sett viser oversynet at kvinner har lågare gjennomsnittsløn enn menn. Dette kjem i hovudsak av at det er flest kvinner i dei lågare stillingsgruppene. I stillingsgruppene førsteamanuensis og ingeniørstillingar viser tala at vi har oppnådd likestilling når det gjeld løn.

Kvinnelege leiarar har lågare gjennomsnittsløn enn menn, men forskjellen er noko redusert i 2014. Noko av skilnaden kan forklarast med at det er færre kvinner i dei øvste leiarstillingane.

Også i saksbehandlargruppa og blant teknisk-administrativt personale er det lønsskilnad mellom kvinner og menn.

Dette kan i hovudsak forklarast med at ein stor del av kvinnene er innplasserte i dei lågaste saksbehandlarkodane.

Samla sett må ein konkludere med at HiT framleis har ei utfordring knytt til likeløn på nokre område.

Tabell 17 under viser kjønnsdelt statistikk over arbeidstid, heiltid og deltid.

Tabell 17: Tal på heiltidstilsette og deltidstilsettet fordelt på kjønn

	Kvinner		Menn		Totalt	
	2013	2014	2013	2014	2013	2014
Heiltidstilsette	242	245	249	256	491	501
Deltidstilsette	142	120	82	78	224	198

Det har vore ein nedgang i delen deltidstilsette frå 2013 til 2014, både for kvinner og menn. Framleis er delen kvinner som går i deltidstilling, noko høgare enn for menn, men forskjellane synest å minke. Tendensen er den same både innan teknisk-administrative stillingar og blant vitskapleg personell.

Tabell 18 nedanfor viser kjønnsfordelinga for heiltids- og deltidstilsette ved kvar driftseining.

Tabell 18: Kjønnsfordeling for heiltids- og deltidstilsette ved kvar driftseining

Driftseiningar	Heiltid		Deltid		Totalt
	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	
Fakultet for allmennvitskaplege fag	41	74	23	28	166
Fakultet for estetiske fag, folkekultur og lærarutdanning	84	54	40	19	197
Fakultet for helse- og sosialfag	59	18	19	6	102
Fakultet for teknologiske fag	19	59	2	13	93
Biblioteket	10	3	8	0	21
Driftstenesta	7	11	16	6	40
IT-tenesta	2	23	2	3	30
Fellesadministrasjonen	23	14	10	3	50
Sum HiT	245	256	120	78	699

Kjønnsfordeling for heiltids- og deltidstilsette per 01.10.14.

Kjønnsdelt statistikk over sjukefråvær

Vidare viser tabell 19 utviklinga i sjukefråværet totalt og for høvesvis kvinner og menn. Tabellen viser ein gledeleg nedgang i sjukefråværet både for kvinner og menn.

Tabell 19: Utvikling i sjukefråvær

	2011	2012	2013	2014
Menn	2,6	2,7	2,9	2,5
Kvinner	4,7	5,8	6,5	5,9
Totalt	3,7	4,3	4,8	4,3

Aktivitet på etnisitet og nedsett funksjonsevne

I utlysning av ledige stillingar oppmodas personar med minoritetsbakgrunn til å søkje stillinga, og det innkallast minimum ein person med minoritetsbakgrunn som tilfredsstiller kvalifikasjonskrava til intervju.

HiT har ei avtale om inkluderande arbeidsliv, og det vises til høgskolens IA-handlingsplan med følgjande aktivitet:

- HiT er positiv innstilte til å ha medarbeidarar på arbeidspraksis
- Turar/fellesarrangement skal planleggjast slik at dei ikkje verkar ekskluderande
- HiT legg til rette for personar med nedsett funksjonsevne fysisk og bygningsmessig
- Arbeidssøklarar med nedsett funksjonsevne blir vurdert på lik linje med andre søklarar

Kjønnsdelt statistikk over velferdspermisjon og omsorgspermisjon

Tabell 20 viser utvikling i velferdspermisjon og omsorgspermisjon (ÅV).

Tabell 20: Utvikling i velferdspermisjon og omsorgspermisjon (ÅV)

	2013	2014
Menn	0,34	0,24
Kvinner	1,41	0,94
Totalt	1,75	1,18

Kjønnsdelt statistikk over fråvær grunna sjukt barn

Tabell 21 viser utvikling i fråvær grunna sjukt barn (ÅV).

Tabell 21: Utvikling i fråvær grunna sjukt barn (ÅV)

	2013	2014
Menn	0,03	0,07
Kvinner	0,07	0,05
Totalt	0,11	0,12

Tabellen viser at kvinner har noko høgare fråvær grunna sjukt barn enn menn. Desse prosentane er lave da ein stor del av arbeidsstokken ved høgskolen har barn over 12 år.

Rekruttering av medarbeidarar

Publiserings- og demografirapporten frå EasyCruit viser at det var 1 150 søklarar til høgskolen i 2014, høvesvis 449 menn og 651 kvinner. Av desse ble 27 tilsett, høvesvis 14 menn og 13 kvinner.

Kjønnsdelt statistikk over personalpolitiske satsingar

Dei 10 deltakarane som i 2013 vart tekne opp i høgskolens program for kvalifisering til førstestillingsopptrykk, er alle kvinner.

Høgskolen har også ei ordning for studiepermisjon for teknisk-administrativt tilsette.

Ordninga gjev høve til å søkje permisjon med løn både for å gjennomføre utdanning som gjev auka formell kompetanse på høgskole-/universitetsnivå, og for å drive utviklingsarbeid og anna verksemd som byggjer opp kompetansen. Alle som fekk stipend i 2014, var kvinner.

4.3 Auke i tal på lærlingar

HiT hadde ved utgangen av 2014 seks lærlingar innanfor IT og ein lærling innanfor kontorlag. Innafor IT-fag auka høgskolen talet på lærlingar med to frå hausten 2014.

4.4 Samfunnssikkerheit og beredskap

Det er gjennomført en enkel ROS-analyse ved innføringa av skytenesta Microsoft Office 365 for studentar, inkludert gjennomføring av tiltak. Tiltaket hindrar overføring av personopplysningar utan at studenten har gjeve sitt informerte samtykke til dette, og gjev studenten angre rett til kvar tid. Som tiltak for å bli betre på ROS-analysar skal ein representant frå HiT delta i eit brukarutval for ROS av Public360 våren 2015, i regi av Uninett.

Det er gjennomført ei kriseøving for driftspersonalet ved ein av studiestadene i 2014. Ein valde å konsentrere seg særskilt om desse, da dei i mange alvorlege situasjonar vil vere dei første som møter krisa. Ei planlagd øving for leiinga ved eitt av fakulteta blei utsett på grunn av sjukdom hos ein av nøkkelpersonane. HiT tek sikte på å gjennomføre ei kriseøving i løpet av 2015.

HiT har innført eit styringssystem for informasjonstryggleik. Dette blei forankra i ein gjennomgang med leiinga, og godkjent av styret 18. desember 2014. Styret vedtok ein oppdatert policy for informasjonssikkerheit som direkte understøtter praktiseringa av styringssystemet. HiT skal i 2015 vere pilot på prosjektet «styringssystem for informasjonssikkerheit» saman med Uninett.

4.5 Fellesføring 2014: Redusere og fjerne tidstjuvar i forvaltninga

HiT legg heile tida vekt på å gjere effektiviseringstiltak i eiga drift. Dei seinare åra har høgskolen hatt ein vesentleg vekst i tal på både studentar og tilsette. Auken i talet på tilsette har i all hovudsak kome på fagleg side. Det inneber at den enkelte administrativt tilsette har fått auka arbeidsmengd. Det er likevel ingen indikasjonar på redusert kvalitet, snarare tvert om. Det må tolkast som eit teikn på auka effektivitet.

Høgskolens ulike effektiviseringstiltak har ikkje nødvendigvis hatt kostnadsreduksjon som mål, men heller å auke kvaliteten på leveransane. Følgjande konkrete moment kan nemnast:

- HiT har i 2014 gjort eit større arbeid for å redusere kostnader knytte til praksisplassar for lærarstudentar. Ein har gått gjennom organiseringa av praksisopplæringa, og som følgje av dette arbeidet har høgskolen redusert årlege kostnader med i overkant av 1 mill. kroner, m.a. ved betre samordning av studentar som er ute i praksis, betre samordning med skolar m.v.
- I løpet av de 2-3 siste åra har HiT etablert servicetorg på alle studiestadene. Dette inneber ei samordning av fleire administrative tenester, og betre kvalitet for studentar og tilsette.
- Høgskolen har dei siste åra arbeidd for å sentralisere opptaksfunksjonen, og har slutført dette arbeidet i 2014. Sentraliseringa er m.a. gjort for å unngå dobbeltarbeid og betre kvaliteten.
- Det har vore arbeidd aktivt for å redusere og forenkle det interne saksarbeidet. Dette gjeld t.d. bruk av høyringsprosessar og styresaker. Styret har t.d. gjennom delegasjonsreglementet overført meir mynde til rektor enn tidlegare, noko som

forenkler prosesser og formaliteter. Talet på saker til styret var 135 i 2008, mot ca. 110 i 2013. I tillegg har det vore arbeidd med å gjere sakene både meir standardiserte og av mindre omfang. Dette medverkar til å redusere tidsbruken.

- I 2014 innførte HiT elektronisk refusjon av sjukepengar frå NAV. HiT har endra den interne oppfølginga og arbeidsprosessen, og som følgje av dette igjen fått auka refusjonsinntekter frå NAV.
- HiT har innført ny ordning for EK-tenester. For å gjere godtgjersle for anskaffing og bruk av elektroniske kommunikasjonstenester enkelt å administrere, nyttar HiT f.o.m. 1. januar 2015 godtgjersle etter skattereglanes enkle variant (trekkpliktig variant), dvs. at godtgjersle blir lagd inn i lønssystemet i form av ei fast månadleg godtgjersle for bruk og fast månadleg godtgjersle for anskaffing. Den enkelte tilsette ved høgskolen som får innvilga godtgjersle for anskaffing og bruk av elektroniske kommunikasjonstenester, vil da sjølv vere ansvarleg for å inngå og betale for abonnement, og for å kjøpe og betale for mobiltelefon/privattelefon/breiband. Med unnatak av nokre abonnement knytte til beredskapsordning, blir ingen rekningar som gjeld mobiltelefoner betalte av høgskolen etter 1. januar 2015. Dette gjev ei vesentleg redusert arbeidsmengd både for lønspersonale, for IT-tenesta og for leiarar.
- HiT er oppteken av å effektivisere tidsbruk knytt til møteverksemd, og ønskjer i større grad å bruke elektroniske møtearenaer som videokonferanse, OmniJoin og Lync. Implementeringa av Lync er i gang, og er planlagt ferdig i løpet av våren 2015.
- I 2014 er det gjort ei vurdering av høgskolens økonomi- og personalfunksjonar. Tiltrådingar herifrå vil bli følgde opp i 2015. For å fjerne tidstjuvar og dobbeltarbeid er det viktig at tinga blir gjort rett første gong, t.d. i høgskolens tilsetjingsprosessar.
- HiT har i 2014 teke i bruk Excelerator i tilknytning til anleggsmodulen i Agresso, noko som reduserer tidsbruken på dette området.
- HiT har innført Web-registrering for studentar på ei rekkje område, der studentane sjølve nå registrerer opplysningar i stadene for at høgskolens tilsette må leggje dette inn. Dette gjeld t.d. EVU-Web, der studentane sjølve søkjer og legg inn ulike data som namn, fødselsnummer mv. Høgskolen planlegg å utvide eigenregistreringskonseptet på andre område også, m.a. i tilknytning til inn- og utreisande studentar der vi ønskjer å ta i bruk ein eigen søknadsweb og kople data direkte til FS. Dette vil redusere manuell punching både sentralt og ute i fakulteta.
- HiT har også i større grad automatisert FS/Fronter-integrasjonen, noko som sparar mykje manuelt arbeid.
- Styret gjekk i 2012 over til elektroniske sakspapir på styremøta. I samband med at det nye saks- og arkivsystemet Public 360 blir innført, vil høgskolen i 2015 ta i bruk utvalsmodulen i dette systemet med bruk av e-Meetings/e-Worker. Det tyder m.a. at alle berre vil få tilsendt elektroniske sakspapir til møte i IDF og i tilsetjingsutvala, i tillegg til i styret. HiT vil også vurdere å gjere dette for andre utval.
- I høgskolebiblioteket blir det i perioden 2014-2015 gjennomført ei monaleg effektivisering knytt til nytt alarm- og registreringssystem for fysiske utlånseksemplar. Eksisterande alarmportar brukar magnetstriper, som er på veg ut av marknaden. Radiobrikker (RFID) er den teknologien som nå vert nytta til sikring av objekt t.d. i bibliotek. HiT ønskjer å gjere brukarane meir sjølvstendige ved utlån og retur. Sjølvbetjent utlån med RFID er raskare og smidigare enn med strekkodar. Ei ytterlegare utnytting av RFID-investeringane skjer nå ved at ein legg til rette for ope

bibliotek ut over vanleg opningstid, t.d. frå kl. 17.00 og fram til høgskolelokala stenger kl. 23.00. HiT kan redusere behovet for studentvakter i denne perioden. Dette vil auke bruken av HiTs lokale og representere ei vesentleg utviding av den tida tilsette og særleg studentar kan nytte biblioteklokala.

Del V: Vurdering av framtidssutsikter

5.1 Planar

5.1.1 Planar for verksemda 2015

2015 kan bli eit historisk år for Høgskolen i Telemark. Den planlagde fusjonen med Høgskolen i Buskerud og Vestfold ser ut til å vere nært føreståande, noko som vil opne opp for ei realisering av styret og høgskolen sin strategiske førsteprioritet over mange år: å få universitetsakkreditering. I det ligg mange moglegheitar for vidare utvikling av institusjonen, noko som og vil komme regionen vår til gode over tid.

Den pågåande fusjonsprosessen med HBV blir og vurdert til å vere den største risikofaktoren i 2015. I ein krevjande fusjonsprosess blir ei viktig prioritering i 2015 også å gjennomføre ei fagleg og administrativ normaldrift. Ein krevjande fusjonsprosess vil kunne skape usikkerheit både for tilsette og studentar, og høgskolen må derfor evne å fokusere på fusjonsprosessen og ei god gjennomføring av normaldrifta samstundes. Høgskolen ser ikkje andre vesentlege eksterne risiki.

Høgskolen gjer ei årleg risikovurdering knytt til verksemdsmål og ambisjonar. Dei fullstendige risikovurderingane som er gjorde til dei ulike verksemdsmåla for 2015, følgjer av vedlegg 2. Høgskolen følgjer løpande opp fastsette mål, ambisjonar og tiltak, og vurderer og set i verk ytterlegare tiltak ved behov.

Styret vedtok 18.12.14 ny policy for informasjonssikkerheit for HiT. Alt arbeid med informasjonstryggleik skal basere seg på risikovurderingar. Alle sikringstiltak, uavhengig av om dei er tekniske, organisatoriske, fysiske eller personalmessige, skal baserast på risikovurderingar som viser behovet for tiltaka. Risikovurderingar av IT-system og -tenester, datanettverk og infrastruktur, arbeidsprosessar og fysiske tilhøve skal gjennomførast kvart anna år eller ved endringar som verkar inn på informasjonstryggleiken.

HiT har som overordna strategi å fusjonere og oppnå universitetsstatus saman med Høgskolen i Buskerud og Vestfold innan 2017.

Eit mål for 2015 er at HiT og HBV gjer vedtak om fusjon og så langt det er mogleg førebur samanslåing av dei to institusjonane.

SEKTORMÅL 1: Høg kvalitet i utdanning og forskning

Verksemdsmål 1.1

HiT skal tilby eit godt læringsmiljø med undervisnings- og vurderingsformer som sikrar fagleg innhald, læringsutbytte og god gjennomstrøyming.

Verksemdsmål 1.2

Høgskolen i Telemark skal ha eit utstrekt internasjonalt utdanningssamarbeid som medverkar til auka utdanningskvalitet.

Verksemdsmål 1.3

Innan områda teknologi, økologi og kultur skal HiT drive forskning og forskarutdanning på høgt nasjonalt og internasjonalt nivå.

Kvantitative styringsparametrar:

- a) KD: Gjennomføring på normert tid skal vere minst 52/28.
- b) KD: Del uteksaminerte kandidatar av dei som vart tekne opp på doktorgradsprogram seks år tidlegare.
- c) Nye studiepoeng per eigenfinansiert heiltidsekvivalent per år skal vere minst 50.
- d) Talet på studentar (heiltidsekvivalentar) per undervisnings-, forskings- og formidlingsstilling skal vere om lag 19.
- e) Talet på utvekslingsstudentar (ut-/innreisande) skal vere minst 250, av dei 100 utreisande.
- f) Talet på tilsette som blir utveksla via programavtalar skal vere minst 5.
- g) Talet på avlagde doktorgradar tildelte av HiT skal vere 12.
- h) Talet på avlagde doktorgradar av personar HiT har arbeidsgjevaransvar for skal vere 14.
- i) Stipendiatar på eigne doktorgradsprogram skal vere minst 60.
- j) Rekruttering til doktorgrad frå eigne masterstudentar skal vere minst 29 (9).
- k) Talet på publikasjonspoeng skal vere minst 24 0.
- l) Publikasjonspoeng per undervisnings-, forskings- og formidlingsstilling skal liggje på minst 0,62.

Kvalitative styringsparametrar:

- m) KD: Studentane skal lukkast med å oppnå læringsutbyttet som er definert for studieprogramma.
- n) KD: Resultatoppnåing i forskning i høve til høgskolens eigenart.
- o) KD: Samspel mellom forskning og utdanning.
- p) KD: Deltaking i Horisont 2020 og Erasmus+.

Fakultetsvise resultatkrav 2015:

	AF	EFL	HS	TF	Sum
Publikasjonspoeng	80	50	40	70	240

	Økologi	Kultur	Teknologi	Sum
Stipendiatar	18	18	24	60

Tiltak:

- Utvikle og drifte USA-satsinga.
- Leggje til rette for eit internasjonalt semester i flest mogleg gradsprogram for å auke talet på utreisande studentar.
- Kartleggje samanhengen mellom inntaks- og resultat kvalitet, avgrensa til bachelorgradsprogram.

- Analysere karakterfordelinga og m.a. vurdere endringar i bruken av ekstern sensor.
- Revidere eksamens- og bachelorgradsforskriftene og arbeide ut ny mastergradsforskrift.
- Innføre nasjonale malar for vitnemål og karakterutskrifter.
- Greie ut ny lærarutdanning.
- Utarbeide søknad til NOKUT om mastergradstilbod i lærarutdanning i fagområda matematikk, naturfag og kroppsøving/mat og helse i samarbeid med HBV med siktemål om akkreditering 01.02.16.
- Operasjonalisere Forskings- og Internasjonaliseringsmeldinga ned i institutta.

SEKTORMÅL 2: Forsking og utdanning for verdiskaping og omstilling

Verksemdsmål 2.1

HiT skal prioritere tverrfagleg og praksisnær forskning som står opp under høgskolens utdanningsprofil og som samstundes møter regionale og nasjonale kompetansebehov.

Verksemdsmål 2.2

HiT skal utvide og forsterke samarbeid og kontakt med samfunns- og næringsliv. M.a. gjennom sin desentraliserte struktur skal høgskolen stå fram i regionen som ein tydeleg og sjølvstøtt samarbeidspartnar.

Verksemdsmål 2.3

Både gjennom utdanning, forskning og formidling skal HiT, m.a. saman med regionale aktørar, medverke til innovasjon og entreprenørskap.

Kvantitative styringsparametrar:

- Talet på søknader til NFR inkl. RFF skal vere minst 40.
- Tildeling frå Forskingsrådet skal vere på minst 10 mill. kroner.
- Høgskolen skal delta i utarbeiding av minst 2 EU-søknader.
- Talet på nye publikasjonar i TEORA skal vere minst 140.
- Det totale omfanget av eksterne inntekter, dvs. alt utanom tildelt løyving over statsbudsjettet, skal vere minst 75 mill. kroner.
- Resultat av oppdragsfinansiert verksemd skal vere minst 600 000 kroner.
- Talet på studentføretak skal vere minst 20.

Kvalitative styringsparametrar:

- KD: Del inntekter frå bidrags- og oppdragsfinansiert verksemd (BOA), utanom forskingsfinansiering frå NFR og EU, skal vere minst 3 %.
- KD: Samarbeid med samfunns- og arbeidsliv.
- KD: Forskingsinnsats i MNT-fag og profesjonsfag.

Fakultetsvise resultatkrav 2015:

	AF	EFL	HS	TF	Sum
Søknader til NFR inkl. RFF	20	5	5	10	40

	AF	EFL	HS	TF	Sum
Omfang eksterne inntekter (inkl. betalingskurs) (mill. kr)	18	25	16	16	75

	AF	EFL	TF	Sum
Studentføretak	6	4	10	20

Tiltak:

- Vidareutvikle eksisterende og etablere nye samarbeidsrelasjonar med aktørar frå regionalt samfunns- og arbeidsliv der gjensidige forventningar og forpliktingar kjem klart fram.
- Medverke til å auke kommersialiseringa av forskingsresultat m.a. ved å søkje midlar til dette frå Noregs forskingsråd, samt samarbeide tett med industri-inkubatoren Proventia AS og Gnisten.
- Etablere ein utviklingsplan for internettsida hit.no.
- Setje i gang eit arbeid for å fremje eit meir forpliktande samspel mellom HiT, Tel-Tek og Telemarksforskning.
- Vidare oppfølging av tiltaksplan for auka ekstern finansiering av forskning, m.a. ved å identifisere og etablere forskargrupper, gjerne på tvers av organisatoriske skilje.

SEKTORMÅL 3: God tilgang til utdanning

Verksemdsmål 3.1

HiT skal ha eit rikhaldig studietilbod både i breidd og nivå, og skal utdanne dugelege kandidatar som samfunnet har bruk for. Fagprofilen skal vere kjenneteikna av doktorgradsprogramma i teknologi, økologi og kultur, studieprogramma som står opp under desse, og profesjonsutdanningane.

Verksemdsmål 3.2

HiT skal ha eit mangfald av nettbaserte studietilbod, og skal vere blant dei beste i landet innan nettbasert undervisning.

Kvantitative styringsparametrar:

- a) Talet på førstevalsøkjjarar i Samordna opptak skal vere minst 3 100.
- b) Talet på studentar (eigenfinansierte heiltidsekvivalentar) skal vere minst 5 865.
- c) Talet på eigenfinansierte nye 60-studiepoengseiningar skal vere minst 4 900.
- d) Talet på uteksaminerte mastergradskandidatar skal vere minst 150.
- e) Talet på uteksaminerte bachelorgradskandidatar skal vere minst 900.

- f) Talet på uteksaminerte kandidatar fordelte på følgjande prioriterte område skal vere minst slik dei går fram i parentes: sjukepleiarutdanning (130), vernepleiarutdanning (50), allmenn-/grunnskolelærerutdanning (90), førskole-/barnehagelærerutdanning (150) og ingeniørutdanning (160).
- g) Talet på eigenfinansierte studentar i nett- og samlingsbasert undervisning skal vere minst 1 300.

Kvalitative styringsparametrar:

- h) KD: Fleksibel utdanning.

Fakultetsvise resultatkrav 2015:

	AF	EFL	HS	TF	Sum
60-studiepoengseiningar, jf. S-sak 96/14	1 700	1 700	830	670	4 900
Studentar (eigenfinansierte heiltidsekvivalentar)	2 205	1 958	912	790	5 865

Tiltak:

- Implementere ny organisering av høgskolen si satsing på e-læring.
- Utvikle internasjonalt samarbeid innan e-læring.
- Implementere e-læring som pedagogisk verktøy i utdanningane.

SEKTORMÅL 4: Effektiv, mangfaldig og robust høgare utdanningssektor og forskningssystem

Verksemdsmål 4.1

Høgskolen i Telemark skal ha god strategisk styring og kompetanse- og ressursplanlegging som fremjar kvalitet og omstillingsevne.

Verksemdsmål 4.2

Høgskolen i Telemark skal ha høg fagleg kvalitet med høgt kompetente medarbeidarar og kraftfulle fagmiljø som i aukande grad skal utviklast på tvers av organisatoriske skilje.

Verksemdsmål 4.3

Høgskolen i Telemark skal drive effektiv tenesteproduksjon med høg kvalitet i alle ledd.

Kvantitative styringsparametrar:

- a) Prosentdel kostnader til løn av totale kostnader skal ikkje vere over 65 %.
- b) Akkumulert rekneskapsmessig mindreforbruk skal auke med om lag 20 mil. kroner i høve til rekneskapsmessig mindreforbruk per 31.12.15.
- c) Areal per eigenfinansiert student skal ikkje vere over 10,6 m².
- d) Begge kjønn skal vere representert i høgskolens leiarstillingar med minimum 40 %.
- e) KD: Del kvinner i dosent- og professorstillingar skal vere minst 0,2.

- f) KD: Del mellombels tilsette skal ikkje vere over 0,26.
- g) Del førstestillingar av det totale talet på undervisnings-, forskings- og formidlingsstillingar (eksklusiv stipendiatar) skal vere minst 0,47.
- h) Del av kvinner i første- og toppstillingar (faste tilsette i årsverk) skal vere minst 0,33.
- i) Høvetalet mellom vitenskapleg og administrativt tilsette skal vere 2,4.

Kvalitative styringsparametrar:

- j) KD: Langsiktig økonomisk planlegging.
- k) KD: Robuste fagmiljø.

Fakultetsvise resultatkrav 2015:

	AF	EFL	HS	TF	HiT
Del førstestillingar per 01.10.15 (%)	65	34	30	65	47

Tiltak:

- Vidareutvikle leiingskompetansen på alle leiarnivå.
- Slutføre arbeidet med studieporteføljeanalysen når det gjeld
 - økonomiberekning av studieprogramma,
 - vurdering av studieprogramma mot kompetanse- og stillingsprofil ut frå NOKUT-krava,
 - vurderingar av kapasitet knytt til bygningsmassen.
- Vidareutvikle dataverktøy og rutinar knytt til oppfølging av planverk, økonomi og prosjektstyring.
- Gjennomføre tiltaksplanen og setje av særskilte ressursar for å få raskare auke i prosentdelen første- og toppstillingar.
- Utvikle insitamentordningar og syte for sterkare institusjonell oppfølging av tverrfagleg samarbeid ved høgskolen.
- Følgje opp rapportane ang. vurdering av personal- og økonomifunksjonane ved høgskolen.
- Implementere nytt verktøy i rekrutterings- og tilsetjingsprosessane.
- Vidareutvikle innkjøpsfunksjonane og e-handel i høgskolen.
- Implementere ny telefoniløysning.
- Følgje opp ut- og ombyggingar i Porsgrunn.
- Etablere ei autoritativ datakjelde for alle data knytte til fag- og studieplanar, emnebeskrivelser og pensumlistar og sikre konsistens i alle kanalar for informasjon og publisering.
- Gjennomføre forprosjekt og ta avgjerd om eventuell oppgradering og/eller arealutviding av Simuleringsenteret/bueininga.

5.1.2 Planar for tildelt løyving 2015 – styrets vedtekne budsjett

Budsjettprosessen for 2015 starta opp i våren 2014. Førebels budsjettfordeling for 2015 blei lagd fram på plan- og budsjettseminar i mai 2014. I løpet av hausten 2014 var budsjettfordeling 2015 tema på leiarmøte og i økonomiforum, og saka har vore på høyring internt i organisasjonen.

Styret behandla disponering av tildelt løyving i 2015 i S-sak 109/14 den 18.12.14. Den interne budsjettfordelinga for 2015 er utarbeidd med utgangspunkt i HiTs langtidsbudsjett for perioden 2015 – 2019 (S-sak 105/13) og framlegg til statsbudsjett i Prop. 1 S (2014 – 2015) med utfyllande informasjon i heftet *Orientering om forslag til statsbudsjett 2015 for universiteter og høgskoler*.

I HiTs budsjett for 2015 har styret vidareført gjeldande strategiar, og har halde fast ved prioriterte område og satsingar. Dette gjeld mellom anna:

- Universitetsatsinga
- Tiltak for å auke delen første- og toppstillingar
- Tiltak for å konsolidere og utvikle kvaliteten på studieprogram og læringsmiljø
- Tiltak for å styrkje forskingsverksemda i kvalitet og omfang

Det er lagt inn ein udisponert buffer på kr 11 131 000 (1,9 %). Det er ønskjeleg at beløpet blir disponert til langsiktige strategiske satsingar. Totalt kr 647 205 000 blei vedteke fordelt i den interne budsjettfordelinga 2015.

HiTs økonomiske grunnlag, som er gjeve gjennom løyvinga frå KD, må sikrast gjennom å halde oppe høg studie- og forskingsproduksjon. Det sentrale er å sikre kvalitet i undervisning, forskning og formidling, og god oppfølging av studentane.

Strategiske satsingsområde, som utvikling av universitetsfunksjonar og ut- og ombyggingar for å skaffe betre lokale til studentar og tilsette, bind opp betydelege midlar i åra framover. Det blir arbeidd aktivt med å auke ekstern finansiering. Ei av de største utfordringane er å sikre finansiering av eit tilstrekkeleg tal på stipendiatar i høgskolens tre doktorgradsprogram.

I budsjettet for 2015 har fakulteta fått tildelt løyvingar på om lag same nivå som dei tidlegare åra. Fakulteta sine løyvingar gjennom budsjettfordelingsmodellen blei fastsette i planrammene som blei lagde i mai 2014.

For 2015 er HiT er gjeve ei grunnløyving gjennom statsbudsjettet på kr 659 493 000. Dette er ein auke på kr 37 964 000 (6,0 %) i høve til grunnløyvinga for 2014. Av dette utgjer kompensasjon for løns- og prisvekst kr 20 750 000. Det er lagt inn 3,3 % løns- og prisvekst. Andre endringar er :

- Auke på kr 700 000 som følgje av nye studieplassar i 2011.
- Auke på kr 380 000 som følgje av nye studieplassar i revidert nasjonalbudsjett (RNB) i 2012.
- Auke på kr 863 500 som følgje av kategoriendring for grunnskolelærerutdanningane i 2011.
- Auke på kr 3 124 000 som følgje av nye studieplassar i 2014.

- Auke på kr 924 000 som følgje av kategoriendring for barnevernspedagogutdanninga i 2014.
- Auke på kr 1 250 000 for vidareføring av to nye stipendiatstillingar frå 2014.
- Auke på kr 589 000 for vidareføring av styrka strategisk ramme frå RNB 2014.
- Reduksjon på kr 4 523 000 som følgje av overføring av midlar til HBV knytt til verksemdsoverdraging av barnehageutdanninga.
- Auke på kr 3 408 000 til tre stipendiatstillingar i helse- og sosialfag, lærarutdanning og ingeniørutdanning.
- Auke på kr 2 000 000 til etter- og vidareutdanning av lærarar som følgje av overføring av midlar frå kap. 281. Auke på 1 894 000 kroner til utstyrsmidlar til sjukepleiar- og ingeniørutdanning som følgje av overføring av midlar frå kap. 281.
- Reduksjon på kr 3 879 000 som tiltak for avbyråkratisering og effektivisering.

Prioriteringar knytte til å vidareutvikle universitetsfunksjonane og å oppnå universitetsstatus
 HiT har som mål å utvikle universitetsfunksjonane vidare og å oppnå universitetsstatus. Strategien for å få til dette kjem m.a. til uttrykk gjennom at høgskolen i fleire år sett av midlar til å utvikle og etablere master- og doktorgradsstudium. I 2015 er det sett av 16,39 mill. kroner til universitetssatsinga.

Prioriteringar knytte til utdanning

HiT har eit mål om at *"HiT sine nettbaserte studietilbod skal vere blant dei beste i landet"*. I budsjettet for 2015 er det sett av 3,0 mill. kroner ekstra for å styrkje e-læring generelt og nettbaserte studietilbod spesielt. Høgskolen har m.a. utvikla ein strategi for HiTs satsing på e-læring.

Fleire studentar skaper utfordringar når det gjeld bygningar og infrastruktur på studiestadene, jf. S-sak 119/05. Det vil bli betydelege kostnader til planlagde ut- og ombyggingar i både Porsgrunn, Notodden og Bø dei næraste åra. For å betre lokalitetane for studentane, og for å skape eit betre student- og arbeidsmiljø, er det derfor prioritert vesentlege midlar til ut- og ombyggingar dei siste åra.

Prioriteringar knytte til FoU

Forskingsinnsatsen blei styrka i 2013 og er halden på same nivå i budsjetta for 2014 og 2015.

Disponering av tildelt løyving spesifisert på ulike tiltak i 2015 og med endring frå 2014, jf. fordeling i S-sak 109/14, går fram av følgjande tabell:

Tabell 22: Disponering av tildelt løyving på ulike tiltak (beløp i kr 1 000)

S-sak 109/ 15 BUDSJETTFORDELING 2015				
	Budsjett 2012 S-sak 129/11	Budsjett 2013 S-sak 116/12	Budsjett 2014 S-sak 104/13	Budsjett 2015 S-sak 109/14
RAMMELØYVING FAKULTETA				
AF	82 814	86 668	89 263	90 741
EFL	97 137	99 393	107 168	112 126
HS	47 170	47 319	50 132	51 870
TF	43 839	46 769	50 437	52 263
SUM RAMMELØYVING	270 960	280 149	297 000	307 000
1. UTDANNING				
1.1 Utdanningstiltak vidarefordelt				
Doktorgradsstudium i kulturstudier	1 600	3 400	3 350	3 461
Doktorgradsstudium i prosess-, energi- og automatiseringsteknikk	7 500	7 730	7 230	7 469
Doktorgradsstudium i økologi	3 084	3 400	3 250	3 357
Mastergradsstudium i fleirkulturelt førebyggjande arbeid med barn og unge	800	800	800	400
Mastergradsstudium pedagogikk med vekt på didaktikk og leing	400	800	570	570
Mastergradsstudium i utdanningsvitenskap				400
Senter for omsorgsforskning Sør	500	520	538	556
Desentralisert høgskoletilbod	1 526	1 576	1 631	1 685
Forkursklasser ingeniørutdanninga	2 753	2 844	2 944	3 041
Vidareføring av nye studieplassar, basisfinansiering	14 421	16 369	20 345	27 918
Etter- og vidareutdanning lærarar, EFL - NY				2 000
Støtte til HS		2 700	2 200	1 350
EFL, basisfinansiering 3. år Drammen vår 2015				750
Sum utdanningstiltak fakulteta	32 584	40 139	42 858	52 957
1.2 Fellestiltak og fellesadministrasjon utdanning				
E- læring	290	1 800	2 950	3 000
Fellestiltak utdanning (spesifisert i tabell)	435	335	385	385
FA - Utdanningsseksjonen		4 631	4 790	4 948
Sum fellestiltak og -administrasjon utdanning	725	6 766	8 125	8 333
SUM UTDANNING	33 309	46 905	50 983	61 290
2. FOU				
2.1 FoU-tiltak for vidarefordeling				
Forskningsstipend - førebels ufordelt	1 450	3 500	3 500	3 500
Små driftsmidlar - førebels ufordelt	1 552	1 700	1 700	1 700
Stimuleringsmidlar for ekstern verksemd - førebels ufordelt	900	1 000	1 000	1 000
Støtte for å søkje EU-midlar - førebels ufordelt		600	600	600
Stipendiatstillingar	15 448	15 956	16 750	20 926
Senter for kultur- og idrettsstudiar	131	135	140	140
Stipendiat innan marine sediment, delfinansiering samarbeidsprosjekt		235	243	251
Internasjonalisering	1 611	1 870	1 990	2 260

Driftsmidler kvotestudentar ph.d.		120	120	180
Sum FoU-tiltak fakulteta	21 092	25 116	26 043	30 557
2.2 Fellestiltak og fellesadministrasjon FoU				
Fellestiltak FoU (spesifisert i tabell)	272	490	530	1 180
FA - FoU-seksjonen		3 835	3 967	4 098
Sum fellestiltak og -administrasjon FoU	272	4 325	4 497	5 278
2.3 Fellestiltak og fellesteneste bibliotek				
Bibliotektenester doktorgradsstudia			1 200	1 240
Fellesteneste bibliotek (løn og drift)	13 992	15 439	15 867	16 113
Sum fellestiltak og fellesteneste bibliotek	13 992	15 439	17 067	17 353
SUM FOU	35 356	44 880	47 607	53 188
	Budsjett 2012 S-sak 129/11	Budsjett 2013 S-sak 116/12	Budsjett 2014 S-sak 104/13	Budsjett 2015 S-sak 109/14
3. MARKNAD OG KOMMUNIKASJON				
Fellestiltak marknad og kommunikasjon (spesifisert i tabell)	3 657	4 530	5 086	5 186
FA - Marknads- og kommunikasjonsseksjonen		4 374	4 712	4 867
SUM MARKNAD OG KOMMUNIKASJON	3 657	8 904	9 798	10 053
4. FORVALTNING og DRIFT				
4.1 Større tiltak og tiltak for vidarefordeling innan forvaltning og drift				
Større utstyrskjøp og vedlikehold - førebels ufordelt	5 000	6 500	5 300	7 394
Ombygging utan husleigefinansiering, inventar og utstyr	3 250	2 867	11 650	5 000
Systemavgifter og andre avtaler	4 200	5 350	6 436	7 100
Lærlingordninga	946	1 010	918	1 360
Styret	996	1 000	1 035	1 070
Reserve	674	1 000	1 717	1 000
Sosialrådgjevingsteneste og læringsmiljø (SiTel)	1 100	1 130	1 237	1 278
Studentorganisasjonen i Telemark (SoT)	737	760	787	1 163
Sum tiltak for vidarefordeling	16 903	19 617	29 080	25 365
4.2 Fellestiltak og fellesadministrasjon forvaltning og drift				
Fellestiltak forvaltning og drift (spesifisert i tabell)	4 237	4 319	5 919	7 367
Kompensasjon for verv, rett til forskning fagleg oppdatering m.m.	4 880	4 032	3 505	5 866
FA - Rektors stab		2 778	2 873	2 968
FA - Direktørens stab		14 406	14 976	15 470
FA- Personal- og organisasjonsseksjonen				
FA - Økonomiseksjonen				
Sum fellestiltak og fellesadministrasjon	9 117	25 535	27 273	31 671
4.3 Fellestenestene drift og IT				
Husleige	91 568	94 500	96 182	97 000
Strøm/oppvarming	11 945	10 250	10 450	11 000
Fellesteneste drift (løn, drift, investeringar)	26 014	26 860	28 605	29 549
Sum fellesteneste drift	129 527	131 610	135 237	137 549
Fellesteneste IT (løn, drift, investeringar)	18 198	19 738	20 028	21 089
Sum fellesteneste IT	18 198	19 738	20 028	21 089
SUM FORVALTNING OG DRIFT	173 745	196 500	211 618	215 674
SUM FORDELTE	517 027	577 338	617 006	647 205
<i>Utgåtte einingar/ tiltak</i>	<i>35 591</i>	<i>4 944</i>	<i>4 523</i>	

Tildelt grunnløyving	552 618	582 282	621 529	658 336
SUM	-	-	-	11 131
				1,7 %

Tiltaka er i all hovudsak vidareførte i langtidsperioden 2016 – 2020, jf. S-sak 109/14. Styret meiner planane og prioriteringane er i samsvar med måla for sektoren, og med HiTs føresetnadar og strategiar.

5.2 Utdanningskapasitet

HiT har dei siste åra hatt ei god utvikling i søkninga til studia. Veksten i talet på primærskolar til HiT har liggje høgare enn gjennomsnittet for sektoren. Når det gjeld gjennomføringsgrad i høve til utdanningsplan, syner tala frå DBH at HiT gjennom mange år har liggje over gjennomsnittet for sektoren.

Telemark har mindre breidd i næringslivet og færre statlege arbeidsplassar enn andre samanliknbare fylke. Regionen har eit betydeleg behov for kompetansetilførsel, og er blant fylka i landet med lågast del innbyggjarar med høgare utdanning. Høgskolen i Telemark har god utvikling i søkninga til studia, høg studiepoengproduksjon og god gjennomføringsgrad. Nye basisfinansierte studieplassar vil gje høgskolen, og ikke minst regionen, ei svært tiltrengt investering i kompetansetilførsel. Behovet for fleire studieplassar reflekterer behovet for ei større breidd i Telemarks næringsliv.

Nedanfor følgjer nærare grunngeving av framlegget om å trappe opp studieplasskapasiteten. Det elektroniske kartleggingsskjemaet *Skjema for studentkapasitet til Årsrapport (2014-2015)* følgjer i vedlegg 1, og vert òg sendt elektronisk til KD.

Styret vil presisere at kapasiteten kan aukast på kort sikt, dvs. frå og med hausten 2015, for heile høgskolens innspel under dette punktet.

Utdanningsvitenskap

Utviklinga i retning av femårige lærarutdanningar med mastergrad representerer ei realisering av det som blei signalisert i St. meld. nr. 11 (2008–2009) *Læreren, rollen og utdanningen*. Dei politiske signala har sidan den gongen blitt sterkare i retning av å utvide GLU-utdanninga til fem år med mastergrad.

Etterspurnaden etter lærarar så vel i vår region som nasjonalt vil auke kraftig dei komande åra. Spesielt innan fagområda norsk og engelsk er det alt i dag vanskeleg å rekruttere lærarar med tilstrekkeleg kompetanse på alle nivå i grunnskolen og i vidaregåande skole. Samfunnsfag er eit stort skolefag. SSB-rapport 18/12 «*Arbeidsmarked for lærere og førskolelærere fram mot år 2035*», viser at underdekninga av lærarar i 2020 er venta å vere i overkant av 11 300 årsverk. I 2035 er venta underdekning 27 200 årsverk.

Dette er fag der fagmiljøa ved HiT har god kompetanse, og NOKUT har akkreditert eit to-årig mastertilbod innan utdanningsvitenskap med fordjuping i faga norsk, engelsk og samfunnsfag. HiT ber om at det vert tilført basisfinansiering for minst 60 nye studieplassar.

Ingeniørutdanning

HiT hadde til og med studieåret 2000/2001 eit samla måltal på 170 studieplassar for opptak til ingeniørutdanning. Frå og med studieåret 2001/2002 blei måltalet redusert med 20 studieplassar til 150 studieplassar.

Ytterlegare 30 studieplassar blei inndregne frå og med studieåret 2002/2003. Dette inneber at HiTs opptaksmåltal til ingeniørutdanning frå 2002 og til 2009 har vore på 120 studieplassar. Grunngevinga for å dra inn så mange studieplassar var høgskolens noko svake rekruttering til ingeniørutdanning den gongen. Frå 2009 fekk HiT tilført basisfinansiering for totalt 20 nye studieplassar, av dei er 10 på mastergradsnivå og 10 på bachelorgradsnivå, og ytterlegare 5 nye studieplassar i revidert nasjonalbudsjett for 2012.

For å styrkje studentrekrutteringa til ingeniørutdanning har HiT sett i verk ulike tiltak. Det er spesielt grunn til å nemne opptak til ingeniørutdanning for søkjarar med fagbrev frå yrkesfagleg studieretning i vidaregåande opplæring til 3-årig ingeniørutdanning (Y-veien). Samla søkning og opptak til høgskolens ingeniørutdanning er på denne bakgrunnen styrka vesentleg dei seinaste åra. Det er også eit betydeleg tal kvalifiserte søkjarar til ingeniørutdanning gjennom Y-veien som ikkje er tekne opp på grunn av for få tilgjengelege studieplassar.

HiTs ingeniørutdanning kjem godt ut av NOKUTs evaluering av ingeniørutdanningane i Noreg.

HiT ber om at det vert tilført basisfinansiering for minst 60 nye studieplassar.

Helse- og sosialfagleg utdanning

Prognosar frå SSB og stortingsmelding nr. 13 (2011-2012) viser behov for å auke rekrutteringa av helse- og sosialpersonell for å møte framtidens omsorgsbehov i befolkninga. Det er også behov for å heve kompetansen i denne sektoren, og å syte for at ein større del av dei ufaglærte får formell kompetanse for å utføre dei helse- og omsorgstenestene dei er sette til. I tillegg treng sektoren stadig vidareutdanningar for å stette kompetansebehovet. Den nye samhandlingsreforma i helsesektoren fører også med seg eit betydeleg behov for auka kompetanse utanfor spesialisthelsetenestene og ned i dei kommunale helse- og sosialtenestene.

HiT har gjennom en modulbasert deltidsutdanning i vernepleie bidrege til auka kompetanse i dei kommunale helsetenestene ved å uteksaminere fleire kandidatar som har jobba som ufaglærte til profesjonsutlærte vernepleiarar. Kommunane i vår region har ønskt at fleire kan gjennomgå ei slik deltidsutdanning. Høgskolen ønskjer å auke talet på studentar på deltidsutdanning i vernepleie med 20 studieplassar for å medverke til å gjennomføre intensjonane i samhandlingsreforma om å auke kompetansen i den kommunale helse- og sosialsektoren.

Høgskolens helsesøsterutdanning er svært ettertrakta og har lange ventelister. Talet på søkjarar har vore stabilt høgt, og i 2013 var det ca. 9 søkjarar per studieplass, HiT har gjennom fleire år avvist mange godt kvalifiserte søkjarar. Denne utdanninga gjev ein kompetanse som det er stor etterspurnad etter i offentleg sektor på nasjonalt plan i regionen og det finst ikkje mange slike etterutdanningar på landsbasis. Utdanna helsesøstrer vil på same måte som vernepleiarar vere viktige dersom samhandlingsreformas intensjonar og framtidens omsorgsbehov skal dekkast. Høgskolen ønskjer derfor å auke volumet på helsesøsterutdanninga med 20 nye plassar.

Økonomisk-/administrativ utdanning

Det har vore solid auke i talet på studentar som vel å ta ei økonomisk/ administrativ utdanning ved HiT.

Prognosar frå NIBOR og SSB tilseier at behovet for økonomisk-/administrativ utdanning vil auke vesentleg fram mot år 2025. Det er venta at etterspurnaden etter arbeidstakarar med denne typen utdanning vil auke aller mest, saman med helse-, sosial- og idrettsfag. HiT har som mål å halde oppe høge studenttal i desse fagområda for å dekkje det framtidige utdanningsbehovet. HiT ber om at det vert tilført basisfinansiering for minst 15 nye studieplassar.

5.3 Større investeringsprosjekt

Våren 2014 sto nytt auditorium, ny kafé og utvida bibliotek ferdig. Tre av effektmåla blei nådde da bygga sto ferdige, og romma fungerer svært bra. Det siste effektmålet, studentanes evaluering av det fysiske læringsmiljøet og samfunnsmåla, kjem høgskolen tilbake til i 2016.

Del VI: Årsrekneskap 2014

Det vert vist til brev frå Kunnskapsdepartementet (KD) av 29.01.15 om rekneskapsrapportering i årsrapporten. Del VI årsrapport inneheld:

- Leiingskommentarar til årsrekneskapen
- Prinsippnote SRS
- Resultatrekneskap
- Balanse
- Kontantstrømoppstilling
- Prinsippnote til statsrekneskap
- Løyvingsoppstilling
- Notane 1 - 22

6.1 Leingskommentarar til årsrekneskapen 2014

Formål

Høgskolen i Telemark (HiT) blei etablert i 1994 og er ein statleg høgskole underlagt Kunnskapsdepartementet. Høgskolen følgjer Universitets- og høgskolelova, og den fastset at høgskolens formål er å:

- tilby høgare utdanning på høgt internasjonalt nivå
- utføre forskning og fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid på høgt internasjonalt nivå
- formidle kunnskap om verksemda og spreie forståing for bruk av vitskaplege og kunstnarlege metodar og resultat, både i offentleg forvaltning, kulturliv og næringsliv.

HiT er eit forvaltningsorgan med særskilte fullmakter og får ei nettoløyving over post 50 i statsbudsjettet. Andre inntekter blir disponerte fullt ut til høgskolens formål. Høgskolen disponerer eit eventuelt positivt årsresultat, og har ansvar for å dekkje eit eventuelt negativt resultat.

Styrets strategiar

Hovudstrategien fram mot 2015 har vore å vidareutvikle universitetsfunksjonane gjennom

- prioritering og styrking av forskingsklynger og forskarutdanningar
- aktiv leiarutvikling
- det treårige samarbeidet med Universitetet i Agder
- styrka samhandling med næringsliv og regionale samfunn

Stadfesting

Årsrekneskapen er avlagt i samsvar med regelverk for økonomistyring i staten og med dei statlege rekneskapsstandardane (SRS), og med føringar frå Kunnskapsdepartementet.

Styret meiner rekneskapen gjev eit riktig økonomisk bilete av verksemda i 2014. Det knyter seg ikkje spesielle usikre moment til rekneskapen, og det er ikkje rekneskapsført ekstraordinære inntekter eller kostnader.

Drifta av verksemda i perioden

Drifta i perioden er i samsvar med Kunnskapsdepartementets tildelingsbrev 2014 for Høgskolen i Telemark og interne planar og strategiar. Gjennomføringa av årsplanen og budsjettet for 2014 vil bli omtala nærare i Årsrapport (2014-2015).

Høgskolen har gode resultat å vise til på mange av områda. Ikkje minst har reorganisering av forskingsressursane gjennom tydeleg fagleg leing bidrege til meir og kvalitativt betre FoU-aktivitet og gjennom det også til auka publisering. Ei slik utvikling samsvarar godt med styrets budsjettdisposisjonar og med høgskolens framlagde rekneskap.

Vesentlege forhold

HiT har i 2014 kr 691 928 628 i driftsinntekter, av dei er kr 623 578 907 inntekter frå løyvingar (90,1 %) og kr 68 349 720 (9,9 %) inntekter frå bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet, sal mv. Driftsinntektene auka med kr 53 170 962 (8,3 %) frå 2013 til 2014. Auken skuldast auka løyvingar frå Kunnskapsdepartementet, Utdanningsdirektoratet og Noregs forskingsråd.

Driftskostnadene er kr 672 586 767 kroner, av dei er kr 448 121 686 (66,6 %) løn og sosiale kostnader, kr 212 806 276 (31,6 %) andre driftskostnader og kr 11 658 805 (1,7 %) avskrivningar.

Utbetalinga til løn og sosiale kostnader er auka med kr 20 359 815 (4,8 %). Auken kjem dels av ein vekst i talet på årsverk og dels av auke i premiesatsen til Statens pensjonskasse jf. note 2. Auken i tal på årsverk gjeld administrative stillingar og lærlingar. Det er eit mål å ha fleire lærlingar. Talet på undervisnings-, forskings- og formidlingsstillingar er redusert med 7,5 årsverk m.a. på grunn av overføring av verksemda i Drammen til Høgskolen i Buskerud og Vestfold. Refusjon av sjukepengar og andre ytingar utgjer kr 14 044 368 i 2014 mot kr 12 581 906 i 2013. Refusjon av sjukepengar har auka med nærare 50 % sidan HiT byrja å følgje opp sjukelønsrefusjon via lønssystemet 01.05.13.

Andre driftskostnader er kr 212 806 276 mot kr 219 109 326 i 2013. Dette er ein reduksjon på kr 6 303 050 (2,9 %). Reduksjonen skuldast at HiT i 2013 kostnadsførte ei eingongsinvestering på kr 7 765 000 knytt til ombygging av servicetorg på Notodden. Dette tiltaket var planlagt finansiert gjennom husleigeordninga, men på grunn av høgt mindreforbruk blei heile beløpet kostnadsført under andre driftskostnader.

HiT har i 2014 investert for kr 18 588 462. Dette er ein auke på kr 3 315 530 (21,7 %). Grunnen til auken er m.a. ei løyving på kr 2 000 000 til vitskapleg utstyr innanfor ingeniør- og teknologiutdanningane. Investeringane i 2015 er planlagde på om lag same nivå som i føregåande år. Det er ikkje lagt inn vesentleg auke i investeringsnivået i langtidsbudsjett 2016 – 2020.

Resultatrekneskapen viser eit underskot frå oppdragsaktivitet på kr 125 390. HiT fekk underskot frå oppdragsfinansiert aktivitet også i 2013. Årsaka til underskotet i 2014 er belastning av tap på eit delprosjekt under eit større fleirårig prosjekt som er finansiert av Helsedirektoratet. Hovudprosjektet varar ut 2015. Målet for 2014 var at den oppdragsfinansierte aktiviteten skulle generere eit overskot på kr 600 000. I nye interne retningsliner for høgskolens bidrags- og oppdragsfinansierte aktivitet har styret vedteke at oppdragsfinansierte prosjekt skal budsjetterast med eit overskot på minimum 5 %.

Årsrekneskapen viser at resultatet av aktivitetane i 2014 er eit mindreforbruk på kr 19 402 489 (2,8 %). I rekneskapsåret 2013 hadde HiT eit meirforbruk på kr 19 001 090 (3,0 %). I årsplan og budsjett for 2014 var målet balanse mellom inntekter og kostnader i 2014, dvs. kr 0 i meir-/mindreforbruk.

Akkumulert mindreforbruk (avsetjing løyvingfinansiert aktivitet) er kr 66 417 361 per 31.12.14 mot kr 46 710 151 per 31.12.13. Auken er kr 19 707 210 (42,2 %) i 2014. Akkumulert mindreforbruk per 31.12.14 er på same nivå som per 31.12.12.

«Resultat – budsjettoppfølgingsrapport» viser avvik mellom periodisert resultatbudsjett og resultatrekneskap. Avvik på posten inntekter frå løyvingar skuldast investeringar som er utsette frå 2014 til 2015. Auka inntekter frå bidrag gjeld nye prosjekt som har kome til i løpet av rekneskapsåret. Avviket når det gjeld andre driftskostnader på kr 19 566 881 (8,4 %), skuldast mindreforbruk på ca. kr 6 400 000 knytt til ut- og ombyggingar, mindreforbruk i høve til budsjett på ca. kr 3 600 000 knytt til det avslutta samarbeidsprosjektet med Universitetet i Agder, og ei rad andre mindre postar ved alle driftseiningane.

Styret vedtok eit stramt budsjett for 2014, med få nye tiltak. Året har vore prega av fusjonsutgreiningar, først med Universitetet i Agder og så med Høgskolen i Buskerud og Vestfold. E-læring har vore eitt av få nye strategiske satsingsområde. Året har elles vore prega av konsolidering av eksisterande aktivitet. Fakultet for estetiske fag, folkekultur og lærarutdanning hadde meirforbruk i 2013, og har dei siste par åra gjennomført fleire vellukka tiltak for effektivisering, m.a. når det gjeld praksisordninga.

Styret handsama langtidsbudsjett for perioden 2016 – 2020 i møte 18.12.14. I langtidsbudsjettet er det gjort spesielle vurderingar av forventa inntekter frå KD, universitetssatsinga, og planlagde utbyggings- og ombyggingstiltak.

Andre opplysningar

Riksrevisjonen er ekstern revisor og stadfestar årsrekneskapen for HIT. Årsrekneskapen er ikkje ferdig revidert per d.d. men revisjonsberetninga vil truleg liggje føre i løpet av 2. kvartal 2015. Beretninga er unnateke offentlegheit fram til Stortinget har motteke Dokument 1 frå Riksrevisjonen.

Notodden, 12.02.15

Rune Nilsen
Styreleiar

Ingrid Risland
Nestleiar

Kristian Espeland
Styremedlem

Anne Margrete Blaker
Styremedlem

Tor Lønnestad
Styremedlem

Per Åsmund Omholt
Styremedlem

Mona Sæbø
Styremedlem

Elin Ødegård
Styremedlem

Ellen Hermanrud
Styremedlem

Camilla Berg Rindahl
Styremedlem

Kai Arne Semb Sætre
Styremedlem

6.2 Prinsippnote SRS

Generelle rekneskapsprinsipp

Rekneskapen er sett opp i samsvar med dei tilrådde Statlige Regnskapsstandardene (SRS) og rettleiingsnota som høyrer med og som er utarbeidde av Finansdepartementet og Direktoratet for økonomistyring med Kunnskapsdepartementets tilpassingar for universitets- og høgskolesektoren.

Nytta rekneskapsprinsipp

Inntekter

Tildelingar utan motyting eller med utsett motyting er behandla etter reglane i SRS 10. Dette inneber at løyvingar frå Kunnskapsdepartementet og andre departement er presenterte i rekneskapen i den perioden tilskotet er motteke. Løyvingar og tilskot frå Kunnskapsdepartement og andre departementet som ikkje er nytta på balansedagen, er klassifisert som forplikting og ført opp i avsnitt D IV Avrekning med statskassa i balanseoppstillinga (motsett samanstilling). Tilsvarende gjeld for andre statlege løyvingar, og tilskot som gjeld vedkomande periode som skal behandlast som løyvingar etter reglane i SRS 10, og som ikkje er nytta på balansedagen. Løyvingar og tilskot frå statlege verksemdar der det er uttrykkeleg er føresett at dei skal nyttast i seinare periodar, er klassifiserte som forskot og presenterte som ikkje inntektsførde løyvingar i avsnitt D IV Avrekning med statskassa i balanseoppstillinga.

Bidrag og tilskot frå statlege etatar og tilskot frå Noregs forskingsråd og bidrag og tilskot frå andre som ikkje er nytta på balansedagen, er klassifisert som forskot og presentert som ikkje inntektsførte bidrag i avsnitt D IV Avrekning med statskassa i balanseoppstillinga (motsett samanstilling). Tilsvarende gjeld for gåver og gåveforsterkingar.

Inntekter som føreset motyting, er behandla etter reglane i SRS 9 og er resultatførde i den perioden retten til inntekta er opptent. Slike inntekter vert målte til verdien av vederlaget på transaksjonstidspunktet. Inntekter frå sal av tenester vert rekna som opptente på det tidspunktet krav om vederlag oppstår.

Kostnader

Kostnader ved verksemd som er finansiert av løyvingar eller midlar som skal behandlast tilsvarende, er resultatførde i den perioden kostnaden er pådrege eller når det er identifisert ei forplikting.

Kostnader som gjeld transaksjonsbaserte inntekter er samanstilte med tilsvarende inntekter og kostnadsførde i same periode. Prosjekt innan oppdragsverksemd er behandla etter metoden løpande avrekning utan fortjeneste. Fullføringsgraden er målt som tilhøvet mellom påløpte kostnader og totalt estimerte kontraktskostnader.

Tap

Det er ikkje gjort ei generell vurdering knytt til latente tap i aktive oppdragsprosjekt. Eventuelle tap blir først konstaterte når prosjektet blir avslutta, og er som hovudregel kostnadsført når ei eventuell underdekning i prosjektet endeleg er konstatert. For aktive prosjekt der det er konstatert sannsynleg tap, er det sett av for latente tap.

Omløpsmidlar og kortsiktig gjeld

Omløpsmidlar og kortsiktig gjeld omfattar postar som forfell til betaling innan eitt år etter anskaffingstidspunktet, og postar som knyter seg til varekrinssløpet. Andre postar er klassifiserte som anleggsmidlar/ langsiktig gjeld. Fordringar er klassifiserte som omløpsmidlar dersom dei skal tilbakebetalast i løpet av eitt år etter utbetalingstidspunktet.

Omløpsmidlar er vurderte til det lågaste av anskaffingskost og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld blir balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

Aksjar og andre finansielle egedelar

Aksjar og andre finansielle egedelar er balanseført til historisk anskaffingskost på transaksjonstidspunktet. Aksjar og andelar som er skaffa med dekning i løyving over post 90 og aksjar skaffa før 01.01.03 og som blei overførde frå gruppe 1 til gruppe 2 frå 01.01.09, har motpost *Innskoten verksemdskapital*. Dette gjeld både langsiktige og kortsiktige investeringar. Motteke utbytte og andre utdelingar er inntektsførde som finansinntekt. Når verdifallet ikkje er forventa å vere forbigåande, er det føreteke nedskriving til verkeleg verdi.

Varige driftsmidlar

Varige driftsmidlar er vurderte til anskaffingskost og blir avskrivne over driftsmidlets forventa levetid, men blir nedskrivne til verkeleg verdi ved verdifall som ikkje er venta å vere forbigåande. Varige driftsmidlar blir balanseførde med motpost *Forplikingar knytte til anleggsmidlar*.

Forplikinga som vert etablert på investeringstidspunktet, vert oppløyst i takt med avskrivningane og utliknar dermed resultatverknaden av avskrivningane.

Ved realisasjon/ avgang av driftsmidlar rekneskap blir rekneskapsmessig gevinst/ tap resultatført. Gevinst/ tap vert rekna som skilnaden mellom salsvederlaget og balanseført verdi på realisasjonstidspunktet. Resterande bokført verdi av *forpliking* knytt til anleggsmiddelet på realisasjonstidspunktet er vist som *Utsett inntekt frå forpliking knytt til investeringar, bokført verdi anleggsmidlar* i note 1.

For eigneluter som inngår i opningsbalansen er bruksverdi basert på gjenskaffingsverdi lagt til grunn for verdifastsetjinga, medan verkeleg verdi blir nytta når det gjeld finansielle egedelar.

6.3 Resultatrekneskap

Resultatregnskap			
Virksomhet: Høgskolen i Telemark			
Org.nr: 971 544 929			
	Note	2014	2013
Driftsinntekter			
Inntekt fra bevilgninger	1	623 579	582 817
Inntekt fra gebyrer	1	0	0
Inntekt fra tilskudd og overføringer	1	34 216	23 977
Gevinst ved salg av eiendom, anlegg og maskiner	1	129	0
Salgs- og leieinntekter	1	31 204	28 728
Andre driftsinntekter	1	2 801	3 236
<i>Sum driftsinntekter</i>		691 929	638 758
Driftskostnader			
Lønn og sosiale kostnader	2	448 122	427 762
Varekostnader		0	0
Andre driftskostnader	3	212 806	219 109
Kostnadsførte investeringer og påkostninger	4,5	0	0
Avskrivninger	4,5	11 659	10 753
Nedskrivninger	4,5	0	0
<i>Sum driftskostnader</i>		672 587	657 624
Ordinært driftsresultat		19 342	-18 866
Finansinntekter og finanskostnader			
Finansinntekter	6	32	20
Finanskostnader	6	97	182
<i>Sum finansinntekter og finanskostnader</i>		-65	-162
Inntekter fra eierandeler i selskaper m.v.			
Utbytte fra selskaper m.v.		0	0
<i>Sum inntekter fra eierandeler i selskaper m.v.</i>		0	0
Resultat av ordinære aktiviteter		19 277	-19 028
Avregninger			
Avregning med statskassen (bruttobudsjetterte)	7	0	0
Avregning bevilgningsfinansiert aktivitet (nettobudsjetterte)	15	-19 402	19 001
<i>Sum avregninger</i>		-19 402	19 001
Periodens resultat		-125	-27
Disponeringer			
Tilført annen opptjent virksomhetskapskapital	8	-125	-27
<i>Sum disponeringer</i>		-125	-27
Innkrevningsvirksomhet og andre overføringer til staten			
Inntekter av avgifter og gebyrer direkte til statskassen	9		
Avregning med statskassen innkrevningsvirksomhet	9		
<i>Sum innkrevningsvirksomhet og andre overføringer til staten</i>		0	0
Tilskuddsforvaltning og andre overføringer fra staten			
Overføringer fra statskassen til tilskudd til andre	10		
Utbetalinger av tilskudd til andre	10		
<i>Sum tilskuddsforvaltning og andre overføringer fra staten</i>		0	0

6.4 Balanse

Balanse			
Virksomhet: Høgskolen i Telemark			
	Note	31.12.2014	31.12.2013
EIENDELER			
A. Anleggsmidler			
I Immaterielle eiendeler			
Forskning og utvikling	4	0	0
Rettigheter og lignende immaterielle eiendeler	4	404	530
<i>Sum immaterielle eiendeler</i>		404	530
II Varige driftsmidler			
Bygninger, tomter og annen fast eiendom	5	553	600
Maskiner og transportmidler	5	12 679	11 738
Driftsløsøre, inventar, verktøy og lignende	5	30 320	24 618
Anlegg under utførelse	5	0	0
Beredskapsanskaffelser	5	0	0
<i>Sum varige driftsmidler</i>		43 552	36 956
III Finansielle anleggsmidler			
Investeringer i datterselskaper	11	0	0
Investeringer i tilknyttet selskap	11	0	0
Investeringer i aksjer og andeler	11	300	300
Obligasjoner og andre fordringer		0	0
<i>Sum finansielle anleggsmidler</i>		300	300
Sum anleggsmidler		44 256	37 786
B. Omløpsmidler			
I Varebeholdninger og forskudd til leverandører			
Varebeholdninger	12	0	0
Forskuddsbetalinger til leverandører	12	0	0
<i>Sum varebeholdninger og forskudd til leverandører</i>		0	0
II Fordringer			
Kundefordringer	13	4 615	4 094
Andre fordringer	14	6 792	7 226
Opptjente, ikke fakturerte inntekter	16	551	1 011
<i>Sum fordringer</i>		11 958	12 331
III Investeringer			
Tøyenfondet og Observatoriefondet	8	0	0
<i>Sum finansielle omløpsmidler</i>		0	0
IV Kasse og bank			
Bankinnskudd på konsernkonto i Norges Bank	17	174 779	144 738
Andre bankinnskudd	17	0	0
Andre kontanter og kontantekvivalenter	17	0	0
<i>Sum kasse og bank</i>		174 779	144 738
Sum omløpsmidler		186 737	157 069
Sum eiendeler		230 993	194 855

Balanse			
Virksomhet: Høgskolen i Telemark			
	Note	31.12.2014	31.12.2013
VIRKSOMHETSKAPITAL OG GJELD			
C. Virksomhetskapi tal			
I Innskutt virksomhetskapi tal			
Innskutt virksomhetskapi tal	8	0	0
<i>Sum innskutt virksomhetskapi tal</i>		0	0
II Opptjent virksomhetskapi tal			
Opptjent virksomhetskapi tal	8	5 238	5 363
<i>Sum opptjent virksomhetskapi tal</i>		5 238	5 363
Sum virksomhetskapi tal		5 238	5 363
D. Gjeld			
I Avsetning for langsiktige forpliktelse r			
Ikke inntektsfø rt bevilgning knyttet til anleggsmidler	4, 5	43 956	37 486
Andre avsetninger for forpliktelse r		0	0
<i>Sum avsetning for langsiktige forpliktelse r</i>		43 956	37 486
II Annen langsiktig gjeld			
Øvrig langsiktig gjeld		0	0
<i>Sum annen langsiktig gjeld</i>		0	0
III Kortsiktig gjeld			
Leverandø rgjeld		19 964	17 398
Skyldig skattetrekk		16 154	15 333
Skyldige offentlige avgifter		14 964	14 011
Avsatte feriepenge r		35 581	34 976
Forskuddsbetalte, ikke opptjente inntekter	16	1 560	2 185
Annen kortsiktig gjeld	18	13 149	10 418
<i>Sum kortsiktig gjeld</i>		101 372	94 321
IV Avregning med statskassen			
Avregning med statskassen (bruttobudsjetterte)	7	0	0
Avsetning bevilgningsfinansiert aktivitet (nettobudsjetterte)	15	66 417	46 710
Ikke inntektsfø rte bevilgninger og bidrag (nettobudsjetterte)	15	14 010	10 974
Ikke inntektsfø rte gaver og gaveforsterkninger	15	0	0
<i>Sum avregninger</i>		80 427	57 684
Sum gjeld		225 755	189 491
Sum virksomhetskapi tal og gjeld		230 993	194 854

6.5 Kontantstraumoppstilling

Virksomhet: Høgskolen i Telemark			
	Note	2014	2013
Kontantstrømmer fra operasjonelle aktiviteter			
Innbetalinger			
innbetalinger av bevilgning (netto budsjetterte)		629 993	582 817
innbetalinger av skatter, avgifter og gebyrer til statskassen		0	0
innbetalinger fra statskassen til tilskudd til andre		0	0
innbetalinger fra salg av varer og tjenester		42 361	36 239
innbetalinger av avgifter, gebyrer og lisenser		0	0
innbetalinger av tilskudd og overføringer fra andre statsetater	22	28 945	24 713
innbetalinger av utbytte		0	0
innbetalinger av renter		3	2
innbetaling av refusjoner		14 406	13 218
andre innbetalinger	21	15 742	15 697
Sum innbetalinger		731 450	672 686
Utbetalinger			
utbetalinger av lønn og sosiale kostnader		406 897	390 279
utbetalinger for varer og tjenester for videresalg og eget forbruk		274 464	276 492
utbetalinger av renter		14	21
utbetalinger av skatter og offentlige avgifter		1 475	654
utbetalinger og overføringer til andre statsetater		0	0
utbetalinger og overføringer til andre virksomheter		0	0
andre utbetalinger		0	0
Sum utbetalinger		682 850	667 446
Netto kontantstrøm fra operasjonelle aktiviteter*		48 600	5 240
Kontantstrømmer fra investeringsaktiviteter			
innbetalinger ved salg av varige driftsmidler		29	0
- utbetalinger ved kjøp av varige driftsmidler (+)		18 588	15 273
innbetalinger ved salg av aksjer og andeler i andre foretak		0	1
- utbetalinger ved kjøp av aksjer og andeler i andre foretak (+)		0	300
- utbetalinger ved kjøp av andre investeringsobjekter (+)		0	0
innbetalinger ved salg av andre investeringsobjekter		0	0
Netto kontantstrøm fra investeringsaktiviteter		-18 559	-15 572
Kontantstrømmer fra finansieringsaktiviteter (netto budsjetterte)			
innbetalinger av virksomhetskapital		0	0
- tilbakebetalinger av virksomhetskapital (+)		0	0
- utbetalinger av utbytte til statskassen (+)		0	0
Netto kontantstrøm fra finansieringsaktiviteter		0	0
Effekt av valutakursendringer på kontanter og kontantekvivalenter (+/-)		0	0
Netto endring i kontanter og kontantekvivalenter (+/-)		30 041	-10 332
Beholdning av kontanter og kontantekvivalenter ved periodens begynnelse		144 738	155 070
Beholdning av kontanter og kontantekvivalenter ved periodens slutt		174 779	144 738

* Avstemming	Note	2014	2013
periodens resultat		-125	-27
bokført verdi avhendede anleggsmidler		460	44
ordinære avskrivninger		11 659	10 753
nedskrivning av anleggsmidler		0	0
netto avregninger		18 404	-19 001
inntekt fra bevilgning (gjelder vanligvis bruttobudsjetterte virksomheter)		0	0
arbeidsgiveravgift/gruppeliv ført på kap 5700/5309		0	0
avsetning utsatte inntekter (tilgang anleggsmidler)		-18 588	-15 273
resultatandel i datterselskap		0	0
resultatandel tilknyttet selskap		0	0
endring i ikke inntektsført bevilgning knyttet til anleggsmidler		6 469	4 520
endring i varelager		0	0
endring i kundefordringer		-521	-989
endring i ikke inntektsførte bevilgninger og bidrag		3 037	7 589
endring i ikke inntektsførte gaver og gaveforsterkninger		0	0
endring i leverandørgjeld		2 565	1 382
effekt av valutakursendringer		0	0
inntekter til pensjoner (kalkulatoriske)		0	0
pensjonskostnader (kalkulatoriske)		0	0
poster klassifisert som investerings- eller finansieringsaktiviteter		18 588	15 273
korrigering av avsetning for feriepenger når ansatte går over i annen statsstilling		305	-342
endring i andre tidsavgrensningsposter		6 347	1 312
Netto kontantstrøm fra operasjonelle aktiviteter		48 600	5 241

6.6 Løyvingsoppstilling

Oppstilling av bevilgningsrapportering for 2014						
Beholdninger på konti i kapitalregnskapet pr. 31.12.2014						
Konto	Tekst	Note	2014	2013	Endring	
6001/8202xx	Oppgjørskonto i Norges Bank	17	174 779	144 738	30 041	
Beholdninger rapportert i likvidrapport ¹⁾						
Oppgjørskonto i Norges Bank		Note			Regnskap 2014	
Inngående saldo på oppgjørskonto i Norges Bank		17			144 738	
Endringer i perioden (+/-)					30 041	
<i>Sum utgående saldo oppgjørskonto i Norges Bank</i>		17			174 779	
Øvrige bankkonti Norges Bank²⁾						
Inngående saldo på i øvrige bankkonti i Norges Bank		17			0	
Endringer i perioden (+/-)					0	
<i>Sum utgående saldo øvrige bankkonti i Norges Bank</i>		17			0	
Samlet tildeling i henhold til utbetalingsbrev						
Utgiftskapittel	Kapittelnavn	Post	Posttekst	Samlet tildeling		
260	Universiteter og høyskoler	50	Statlige universiteter og høyskoler	623 530		
280	Felles enheter	01	Driftsutgifter	0		
280	Felles enheter	21	Spesielle driftsutgifter	0		
280	Felles enheter	50	Senter for internasjonalisering av utdanning	0		
280	Felles enheter	51	Drift av nasjonale fellesoppgaver	0		
281	Felles utgifter for universiteter og høyskoler	01	Driftsutgifter, kan nyttes under post 70	4 000		
281	Felles utgifter for universitete	45	Større utstyrsanskaffelser, kan overføres	0		
<i>Sum høyere utdanning og fagskoler</i>				627 530		
Sum utbetalinger i alt				627 530		

6.7 Notar

Note 1 Spesifikasjon av driftsinntekter		
	2014	2013
<i>Inntekt fra bevilgninger fra Kunnskapsdepartementet</i>		
Periodens bevilgning fra Kunnskapsdepartementet*	622 100	585 782
- brutto benyttet til investeringsformål / varige driftsmidler av periodens bevilgning / driftstilskudd (-)	-18 588	-15 273
- ubrukt bevilgning til investeringsformål (bruttobudsjetterte virksomheter)	0	0
+ utsatt inntekt fra forpliktelse knyttet til investeringer (avskrivninger) (+)	11 659	10 752
+ utsatt inntekt fra forpliktelse knyttet til investeringer, bokført verdi avhendede anleggsmidler (+)	460	0
- utbetaling av tilskudd til andre (-)	-1 365	0
Andre poster som vedrører bevilgninger fra Kunnskapsdepartementet*	9 313	1 556
Sum inntekt fra bevilgninger fra Kunnskapsdepartementet	623 579	582 817
Sum inntekt fra bevilgninger (linje RE.1 i resultatregnskapet)	623 579	582 817
<i>Tilskudd og overføringer fra andre statlige forvaltningsorganer *</i>		
Periodens tilskudd /overføring 1	9 525	7 634
- utbetaling av tilskudd til andre (-)	0	-872
Periodens tilskudd /overføring fra Utdanningsdirektoratet	11 816	4 506
Periodens tilskudd /overføring fra NFR	5 901	4 176
- utbetaling av periodens tilskudd/overføring fra NFR til andre (-)	0	-200
Sum tilskudd og overføringer fra andre statlige forvaltningsorganer	27 242	15 244
<i>*Vesentlige bidrag skal spesifiseres på i egne avsnitt under oppstillingen. Midler som benyttes til investeringer skal behandles etter forpliktelsesmodellen og spesifiseres i KD-avsnittet.</i>		
<i>Tilskudd til annen bidragsfinansiert aktivitet*</i>		
Periodens tilskudd/overføring fra regionale forskningsfond (RFF)	555	1 100
- utbetaling av tilskudd/overføring fra regionale forskningsfond til andre (-)	0	0
Periodens tilskudd/overføring fra kommunale og fylkeskommunale etater	3 204	4 624
Periodens tilskudd/overføring fra organisasjoner og stiftelser	1 026	1 573
Periodens tilskudd/overføring fra næringsliv og private	2 111	1 436
Periodens tilskudd/overføring fra EUs rammeprogram for forskning	25	0
Periodens tilskudd/overføring fra EU til undervisning og annet	53	0
Sum tilskudd til annen bidragsfinansiert aktivitet	6 974	8 733
Sum tilskudd og overføringer fra andre (linje RE.3 i resultatregnskapet)	34 216	23 977
<i>Gevinst ved salg av eiendom, anlegg, maskiner mv. *</i>		
Salg av maskiner, utstyr mv	129	0
Gevinst ved salg av eiendom, anlegg og maskiner mv. (linje RE.4 i resultatregnskapet)	129	0

Note 1 Spesifikasjon av driftsinntekter, forts		
<i>Salgs- og leieinntekter</i>		
<i>Inntekt fra oppdragsfinansiert aktivitet:</i>		
Statlige etater	5 694	7 227
Kommunale og fylkeskommunale etater	3 715	3 034
Organisasjoner og stiftelser	790	78
Næringsliv/privat	2 461	647
Andre	32	15
Sum inntekt fra oppdragsfinansiert aktivitet	12 692	11 001
<i>Andre salgs- og leieinntekter</i>		
Kopieringsinntekter og leieinntekter	5 131	5 735
Studie- og eksamensinntekter	10 809	10 419
Andre salgs- og leieinntekter*	2 572	1 573
Sum andre salgs- og leieinntekter	18 512	17 727
Sum salgs- og leieinntekter (linje RE.5 i resultatregnskapet)	31 204	28 728
<i>Andre inntekter:</i>		
Øvrige andre inntekter 1	2 801	3 236
Sum andre inntekter (linje RE.6 i resultatregnskapet)	2 801	3 236
Sum driftsinntekter	691 929	638 758

Note 2 Lønn og sosiale kostnader

	2014	2013
Lønninger	322 960	309 624
Feriepenger	39 656	38 074
Arbeidsgiveravgift	54 491	51 703
Pensjonskostnader*	40 972	37 236
Sykepenger og andre refusjoner	-14 044	-12 582
Andre ytelser	4 087	3 707
Sum lønnskostnader	448 122	427 762
Antall årsverk	607	603

Pensjoner kostnadsføres i resultatregnskapet basert på faktisk påløpt premie for regnskapsåret.

Premiesats til Statens pensjonskasse er 13,15 prosent for 2014.

Premiesatsen for 2013 var 12,16 prosent.

Lønn og godtgjørelser til ledende personer	Lønn
Rektor	1 467 614
Administrerende direktør	
Godtgjørelse til styremedlemmer	Fast godtgjørelse
Styrets leder	196 882
Styremedlemmer fra egen institusjon	9 956
Eksterne styremedlemmer	190 537
Styremedlemmer valgt av studentene	140 702
Varamedlemmer for eksterne styremedlemmer	18 946
Varamedlemmer for studentrepresentanter	5 083

Note 3 Andre driftskostnader

	2014	2013
Husleie	93 705	92 659
Vedlikehold egne bygg og anlegg	280	102
Vedlikehold og ombygging av leide lokaler	4 959	11 176
Andre kostnader til drift av eiendom og lokaler	15 744	17 657
Reparasjon og vedlikehold av maskiner, utstyr mv.	2 343	3 243
Mindre utstyrsanskaffelser	9 219	9 239
Leie av maskiner, inventar og lignende	6 446	5 977
Konsulenter og andre kjøp av tjenester fra eksterne	32 453	34 591
Reiser og diett	17 561	15 812
Øvrige driftskostnader (*)	30 096	28 653
Sum andre driftskostnader	212 806	219 109

Note 4 Immaterielle eiendeler

	F&U	Rettigheter mv.	Under utførelse	SUM
Anskaffelseskost 31.12.2013	0	1 285	0	1 285
+ tilgang pr. 31.12.2014 (+)	0	68	0	68
- avgang anskaffelseskost pr. 31.12.2014 (-)	0	0	0	0
+/- fra eiendel under utførelse til annen gruppe (+/-)	0	0	0	0
Anskaffelseskost 31.12.2014	0	1 353	0	1 353
- akkumulerte nedskrivninger 31.12.2013 (-)	0	0	0	0
- nedskrivninger pr. 31.12.2014 (-)	0	0	0	0
- akkumulerte avskrivninger 31.12.2013 (-)	0	-712	0	-712
- ordinære avskrivninger pr. 31.12.2014 (-)	0	-237	0	-237
+ akkumulert avskrivning avgang pr. 31.12.2014 (+)	0	0	0	0
Balanseført verdi 31.12.2014	0	404	0	404

Note 5 Varige driftsmidler				
	Drifts- bygninger	Maskiner, transportmid- ler	Annet inventar og utstyr	Sum
Anskaffelseskost 31.12.2013	1 170	31 708	76 165	109 043
+ tilgang pr. 31.12.2014 (+)	0	3 302	15 218	18 520
- avgang anskaffelseskost pr. 31.12.2014 (-)	0	-398	-5 373	-5 771
+/- fra anlegg under utførelse til annen gruppe (+/-)	0	0	0	0
Anskaffelseskost 31.08.2014	1 170	34 612	86 010	121 792
- akkumulerte nedskrivninger pr. 31.12.2013 (-)	0	0	0	0
- nedskrivninger pr. 31.12.2014 (-)	0	0	0	0
